STORTINGET

# Stortingets forretningsorden

OKTOBER 2025
NYNORSK UTGÅVE

# Stortingets forretningsorden

## Vedlegg:

## Grunnlova

## Ansvarlighetsloven

## Reglement for kontrollhøyringar

Oktober 2025

Nynorsk utgåve

# Innhald

Side


| | | | |
|---|---|---|---|
| **Stortingets forretningsorden** | | | 7 |
| **Kapittel 1** | **Korleis Stortinget konstituerer seg** | | 7 |
| | § 1 | *Konstituering etter stortingsval* | 7 |
| | § 2 | *Konstituering av følgjande storting i same valperiode* | 8 |
| | § 3 | *Den førebuande fullmaktskomiteen* | 8 |
| | § 4 | *Plassering av representantane i stortingssalen* | 9 |
| | § 5 | *Permisjon* | 9 |
| **Kapittel 2** | **Presidentane, sekretærane og direktøren** | | 10 |
| | § 6 | *Val av presidentar og sekretærar* | 10 |
| | § 7 | *Stortingets presidentskap* | 10 |
| | § 8 | *Forfall frå presidenten, visepresidentane eller sekretærane* | 11 |
| | § 9 | *Leiing av møta i Stortinget* | 11 |
| | § 9 a | *Administrative saker* | 11 |
| | § 9 b | *Stortingets direktør* | 11 |
| **Kapittel 3** | **Komiteane i Stortinget** | | 12 |
| | § 10 | *Valkomiteen* | 12 |
| | § 11 | *Dei faste komiteane i Stortinget* | 12 |
| | § 12 | *Fagkomiteane i Stortinget* | 12 |
| | § 13 | *Samansetjing av fagkomiteane* | 13 |
| | § 14 | *Saksfordelinga mellom fagkomiteane* | 13 |
| | § 15 | *Nærare om kontroll- og konstitusjonskomiteen* | 15 |
| | § 16 | *Den utvida utanriks- og forsvarskomiteen* | 16 |
| | § 17 | *Europautvalet* | 18 |
| | § 18 | *Særskilde komitear* | 19 |
| | § 19 | *Granskingskommisjonar* | 19 |

**Kapittel 4** **Arbeidsordninga i komiteane** ........ 20
§ 20 *Val av komitéleiing, innkalling, møteplikt mv.* ........ 20
§ 21 *Varamedlemer* ........ 21
§ 22 *Oversending av saker til komiteane* ........ 21
§ 22 a *Initiativdebatt* ........ 22
§ 23 *Framdrift og frist for framlegging* ........ 23
§ 24 *Saksordførar* ........ 23
§ 25 *Komitémøte* ........ 24
§ 26 *Avrøystingar i komiteane* ........ 24
§ 27 *Vedtak om komitéhøyring* ........ 24
§ 27 a *Gjennomføring av komitéhøyringar* ........ 26
§ 27 b *Oppfølging av samiske interesser* ........ 26
§ 28 *Komitéreiser* ........ 27
§ 29 *Protokollen og saksdokumenta til komiteane* 27
§ 30 *Særleg om komitébehandling av representantframlegg* ........ 27
§ 31 *Komitéinnstillingar til Stortinget* ........ 28
§ 32 *Presidentskapets tilsyn med framleggingsfristane til komiteane* ........ 29
**Kapittel 5** **Innkalling til og avvikling av møta i Stortinget** ........ 29
§ 33 *Innkalling til møte i Stortinget* ........ 29
§ 34 *Møte i Stortinget* ........ 30
§ 35 *Program for møta i Stortinget* ........ 30
§ 36 *Møte for stengde dører* ........ 30
§ 37 *Avbrot av stortingsforhandlingane i juni* ........ 31
**Kapittel 6** **Arbeidsordninga i Stortinget** ........ 31
§ 38 *Overleverte og framsette proposisjonar og forslag* ........ 31
§ 39 *Behandlinga av proposisjonar og forslag* ........ 32
§ 40 *Framlegg som er sette fram under behandlinga av ei sak* ........ 33
§ 41 *Behandling av framlegg om å utsetje ei sak eller sende ho tilbake til komité* ........ 33

| | | | |
|---|---|---|---|
| | § 42 | *Særleg om behandling av lovframlegg* | 34 |
| | § 43 | *Behandlinga av statsbudsjettet og nasjonalbudsjettet* | 34 |
| | § 44 | *Behandlinga av saker om konstitusjonelt ansvar* | 36 |
| | § 45 | *Munnleg utgreiing for Stortinget frå ein regjeringsmedlem* | 36 |
| | § 46 | *Tilgjengeleggjering av innstillingar frå komiteane* | 37 |
| | § 47 | *Oversikt over melde saker og saker til behandling* | 37 |
| | § 48 | *Saker som ikkje blir ferdig behandla i stortingssesjonen eller valperioden* | 38 |
| | § 49 | *Innkalling av personar til å møte for Stortinget* | 39 |
| | § 50 | *Krav om utlevering av dokument* | 39 |
| | § 50 a | *Behandling av meldingar frå regjeringa om forskrifter som avvik frå gjeldande lovgjeving* | 39 |
| **Kapittel 7** | **Debattane** | | 39 |
| | § 51 | *Talarlister og avgrensingar av debattida* | 39 |
| | § 52 | *Generelle avgrensingar av taletida* | 40 |
| | § 53 | *Replikkar og svar på direkte spørsmål* | 41 |
| | § 54 | *Spørsmål som blir tekne opp på slutten av eit møte* | 41 |
| | § 55 | *Talereglar* | 42 |
| | § 56 | *Framferd under forhandlingane* | 42 |
| | § 57 | *Deltaking i forhandlingane av regjeringsmedlemer* | 42 |
| | § 58 | *Brot på reglane i forretningsordenen* | 42 |
| **Kapittel 8** | **Avrøystingar** | | 42 |
| | § 59 | *Organisering av voteringane* | 42 |
| | § 60 | *Avrøystingsmåtar* | 43 |
| | § 61 | *Krav til fleirtal ved avrøystingar* | 44 |
| | § 62 | *(oppheva ved stortingsvedtak 20. juni 2019)* | 44 |

**Kapittel 9** **Stortingsprotokollane og ekspedisjon av sakene** ...... 44
§ 63 *Stortingsprotokollane* ...... 44
§ 64 *Gjennomsyn og retting av protokollen* ...... 45
§ 65 *Ekspedisjon av avgjorde saker* ...... 45
§ 66 *Underskrift av vedtak* ...... 45
§ 67 *Underskrift av forhandlingsprotokollen* ...... 45
**Kapittel 10** **Interpellasjonar og spørsmål** ...... 46
§ 68 *Interpellasjonar* ...... 46
§ 69 *Spørsmål til presidentskapet* ...... 47
§ 70 *Spørsmål med skriftleg svar* ...... 48
§ 71 *Gjennomføring av spørjetime* ...... 48
§ 72 *Munnleg spørjetime* ...... 48
§ 73 *Ordinær spørjetime* ...... 49
§ 74 *Krav om dokumentinnsyn* ...... 50
**Kapittel 11** **Ymse føresegner** ...... 50
§ 75 *Teieplikta til representantane* ...... 50
§ 75 a *Behandling av gradert informasjon* ...... 51
§ 75 b *Teieplikt og tilgang til gradert informasjon for tilsette i gruppesekretariata* ...... 51
§ 76 *Register over verv og økonomiske interesser til representantane* ...... 52
§ 77 *Partigrupper* ...... 52
§ 78 *Orden i stortingsbygningen* ...... 52
§ 79 *Fråvik frå forretningsordenen* ...... 52
Stikkordregister til Stortingets forretningsorden ...... 53
Førearbeid til Stortingets forretningsorden ...... 60
**Grunnloven/Grunnlova** ...... 65
Innhaldsregister ...... 66
Kongeriket Noregs grunnlov ...... 71
Enkelt stikkordregister til Grunnlova ...... 114
**Lov om ansvar for handlinger som påtales ved Riksrett** ...... 117
**Reglement for kontrollhøyringar** ...... 122

# Stortingets forretningsorden

## Kapittel 1 Korleis Stortinget konstituerer seg

§ 1 *Konstituering etter stortingsval*

Når Stortinget kjem saman[1] etter eit stortingsval, overtek presidenten[2] i det førre Stortinget presidentstillinga mellombels etter oppmoding. Dersom vedkomande ikkje er til stades, skal presidentstillinga etter oppmoding mellombels overtakast av, i prioritert rekkjefølgje:

1. Den av visepresidentane i det førre stortinget som er rangert høgast.
2. Den representanten av dei frammøtte som har vore medlem av Stortinget lengst. Dersom to eller fleire har vore medlem av Stortinget like lenge, har den føreretten som er eldst av år.

Presidenten held namneopprop og tek imot fullmaktene[3] frå representantane og vararepresentantane.[4] Reglementet for Stortinget blir godkjent.[5] Forfall som er melde, og permisjonssøknader blir refererte og avgjorde.[6]

Det blir valt ein komité som skal gjennomgå fullmaktene (fullmaktskomiteen). I fullmaktskomiteen skal gruppene[7] vere representerte etter høvetala så langt råd er. Saman med fullmaktene behandlar komiteen innstillinga frå den førebuande fullmaktskomiteen.[8] Stortingsrepresentantane har mellombels sete og røyster til fullmaktene er godkjende. Dersom klagebehandlinga i riksvalstyret ikkje er avslutta når Stortinget avgjer om valet er gyldig, kan fullmaktene til stortingsrepresentantane berre godkjennast mellombels.

Etter at innstillinga frå fullmaktskomiteen er ferdigbehandla, vel Stortinget presidentar og sekretærar (jf. § 6).[9]

Deretter kunngjer presidenten at Stortinget er lovleg konstituert,[10] og gjev melding om det til Kongen.

Ved omval og nye valoppgjer som riksvalstyret, Stortinget eller Høgsterett påbyr etter valgloven[11] § 17-1, jf. §§ 16-11 og 15-1 eller § 16-12, skal fullmaktene prøvast så snart råd er. Dersom det skal haldast omval, skal

dei nyvalde representantane bli sitjande i vervet til omvalet er endeleg godkjent.

1 Jf. Grl. § 68.
2 Jf. § 6 og § 9.
3 Jf. Grl. § 64 og lov 28 juni 2002 nr. 57 § 11–8.
4 Jf. Grl. § 58 andre punktum.
5 Jf. Grl. § 66 tredje punktum.
6 Jf. § 5.
7 Jf. § 77.
8 Jf. § 3.
9 Jf. Grl. § 73.
10 Jf. Grl. § 74 (1).
11 Jf. lov 28 juni 2002 nr. 57.

§ 2 *Konstituering av følgjande storting i same valperiode*

Når dei følgjande storting kjem saman[1] i den same valperioden,[2] gjeld reglane om konstituering i § 1 første, andre, fjerde og femte ledd tilsvarande.

1 Jf. Grl. § 68.
2 Jf. Grl. § 71.

§ 3 *Den førebuande fullmaktskomiteen*

I den siste stortingssesjonen i valperioden[1] vel Stortinget, etter innstilling frå valkomiteen,[2] ein komité blant representantane, som skal prøve fullmaktene for representantane og vararepresentantane[3] i det nye stortinget førebels (den førebuande fullmaktskomiteen). Samstundes vel Stortinget også like mange varamedlemer som medlemer og dessutan leiar og nestleiar for komiteen. Så langt som råd bør gruppene vere representerte i komiteen etter høvetala.

Leiaren kallar inn til møte i den førebuande fullmaktskomiteen. Komiteen skal så langt det er nødvendig, gå gjennom og gjere greie for innhaldet i dei dokumenta som etter valgloven[4] er komne til Stortinget, når dei har noko å seie for fullmaktsavgjerdene.[5] Komiteen har på vegner av Stortinget fullmakt til å skaffe fram alle opplysningar han meiner er nødvendige i denne samanhengen.

Før Stortinget kjem saman,[6] skal den førebuande fullmaktskomiteen ha levert til stortingsadministrasjonen ei førebels innstilling om alle

spørsmål om val og fullmakter som ein må rekne med kan få noko å seie for samansetjinga av det nye stortinget. Dagen før det nye stortinget kjem saman, er funksjonstida for den førebuande fullmaktskomiteen over.

Dersom den førebuande fullmaktskomiteen må leggje fram ei førebels innstilling om å godkjenne eller avvise fullmaktene før han enno har klart å skaffe nødvendige opplysningar om kvar einskild fullmakt, skal han i innstillinga gjere særskilt greie for årsakene til forseinkingane og dessutan opplyse om når det endelege resultatet kan liggje føre.

Den førebels innstillinga og alle vedlegga skal registrerast og leggjast fram for fullmaktskomiteen i det nye stortinget straks denne komiteen kjem saman (jf. § 1). Innstillinga må ikkje offentleggjerast av den førebuande fullmaktskomiteen.

Den førebuande fullmaktskomiteen kan leggje fram ei innstilling om forlengja eller utsett valting eller omval ved ekstraordinære hendingar, jf. valgloven § 18-1.

1 Jf. Grl. § 71.
2 Jf. § 10.
3 Jf. Grl. § 58 andre punktum.
4 Jf. lov 28 juni 2002 nr. 57.
5 Jf. lov 28 juni 2002 nr. 57 § 10–9, § 11–3, § 11–8, § 13–1 og § 13–3.
6 Jf. Grl. § 68.

### § 4 *Plassering av representantane i stortingssalen*

I stortingssalen tek representantane plass etter den alfabetiske rekkjefølgja av valdistrikta.[1]

1 Jf. lov 28 juni 2002 nr. 57 § 11–1.

### § 5 *Permisjon*

Søknader om permisjon for representantane blir behandla av Stortinget etter innstilling frå presidentskapet. Permisjon blir normalt innvilga ved sjukemelding. Representantar som har hatt permisjon, skal melde frå til stortingsadministrasjonen når dei kjem tilbake.

## Kapittel 2 Presidentane, sekretærane og direktøren

§ 6 *Val av presidentar og sekretærar*

Når ein ny stortingssesjon[1] tek til, vel Stortinget president, første visepresident, andre visepresident, tredje visepresident, fjerde visepresident, femte visepresident, sekretær og visesekretær.[2]

Når det første gong i valperioden[3] skal veljast president og visepresident, røystar ein med setlar utan underskrift. For seinare val i den same valperioden gjeld reglane i § 60 første ledd bokstav a, dersom vilkåra for avrøysting ved setlar utan underskrift i § 60 første ledd bokstav d ikkje er oppfylte.

Presidentar og sekretærar blir valde med vanleg fleirtal, dvs. over halvparten av røystene. Dersom ingen av kandidatane får fleirtal ved første val eller ved fritt omval, skal det haldast bunde omval mellom dei to kandidatane som har fått det største røystetalet, jf. § 61 andre ledd.

Dersom minst ein femtedel av representantane sender skriftleg krav til presidenten om nytt val av stortingspresident eller ein visepresident, skal Stortinget halde slikt val.

1 Jf. Grl. § 68.

2 Jf. Grl. § 73 første punktum.

3 Jf. Grl. § 71.

§ 7 *Stortingets presidentskap*

Stortingspresidenten og dei fem visepresidentane dannar Stortingets presidentskap. Stortingspresidenten er leiaren for presidentskapet. Første visepresident er nestleiar.

Presidentskapet er vedtaksført når minst tre av medlemmene er til stades. Stortingspresidenten leier arbeidet i Stortinget på vegner av presidentskapet. Når Stortinget ikkje er samla,[1] kan stortingspresidenten ta avgjerder som måtte vere nødvendige i saker som høyrer inn under presidentskapet.

Røysta til stortingspresidenten er utslagsgjevande dersom ei avrøysting i presidentskapet viser like mange røyster for og imot.

Presidentskapet kan leggje fram innstillingar til Stortinget innanfor dei ansvarsområda som høyrer inn under presidentskapet.

1 Jf. § 37 og Grl. § 80 (1).

§ 8 *Forfall frå presidenten, visepresidentane eller sekretærane*

Dersom stortingspresidenten ikkje kan utøve vervet på grunn av forfall, fungerer visepresidentane etter rangordning som mellombels stortingspresident. Dersom stortingspresidenten eller ein av visepresidentane får langvarig forfall, kan Stortinget velje mellombels president for den tida fråværet varer.

Det kan veljast mellombels sekretær i staden for ein sekretær som får langvarig forfall.

§ 9 *Leiing av møta i Stortinget*

Stortingspresidenten leier møta i Stortinget. Stortingspresidenten kan overlate møteleiinga til ein visepresident eller ein mellombels president som er vald etter § 8 første ledd, eller ein setjepresident som Stortinget har vald for ei kortare tid. Visepresident, mellombels president og setjepresident har som møteleiar den same styringsretten som stortingspresidenten.

Visesekretæren kan fungere som mellombels sekretær.

Den presidenten som leier møtet, kan ikkje samstundes delta i debatten om ei sak. Ein som har delteke i debatten om ei sak, kan ikkje leie møtet under den vidare debatten om saka.

§ 9 a *Administrative saker*

Innanfor dei rammene som Stortinget har vedteke, har presidentskapet eit overordna ansvar for administrative saker.

Presidentskapet bør drøfte administrative saker som er særleg viktige, med partigruppene.

Presidentskapet kan i administrative saker delegere retten til å ta avgjerd til Stortingets direktør.

§ 9 b *Stortingets direktør*

Stortinget tilset Stortingets direktør.

Stortingets direktør leier arbeidet i administrasjonen i Stortinget. Stortingets direktør er sekretær for Stortingets presidentskap.

Viktige administrative saker skal alltid leggjast fram for presidentskapet.

## Kapittel 3 Komiteane i Stortinget

### § 10 *Valkomiteen*

Straks etter at Stortinget har konstituert seg,[1] blir det valt ein valkomité på 37 medlemer. Så langt råd er, bør partigruppene vere representerte i valkomiteen etter høvetala. Ein bør også ta omsyn til ei fordeling valdistrikta[2] imellom. Valkomiteen avgjer korleis dei faste komiteane[3] i Stortinget skal vere samansette.

Valkomiteen legg fram innstilling om alle val som komiteen får i oppdrag av Stortinget å førebu. Innstillinga skal gjerast ferdig så snart råd er etter at komiteen har fått oppdraget.

Medlemene i valkomiteen fungerer i heile valperioden.[4] Ved avgang skal etterfølgjaren erstattast ved nytt val så snart som råd er.

Stortinget vel også varamedlemer til valkomiteen, og då etter dei same prinsippa som er nemnde i første leddet. Desse varamedlemene blir innkalla kvar gong medlemer i komiteen har forfall.

1 Jf. Grl. § 74 (1).
2 Jf. lov 28 juni 2002 nr. 57 § 11–1.
3 Jf. §§ 12, 16 og 17.
4 Jf. Grl. § 71.

### § 11 *Dei faste komiteane i Stortinget*

Stortinget kan når som helst vedta å endre talet på faste komitear[1] eller talet på medlemer av komiteane.

Dersom Stortinget ikkje avgjer noko anna, skal komiteane ha uendra samansetjing på alle storting i den same valperioden,[2] dersom ikkje partigruppene gjer framlegg til endringar som gjeld representantar frå eiga gruppe, eller avgang blant medlemer gjer det nødvendig å gjere endringar.

1 Jf. §§ 12, 16 og 17.
2 Jf. Grl. § 71.

### § 12 *Fagkomiteane i Stortinget*

Alle representantane så nær som stortingspresidenten blir fordelte på desse fagkomiteane:

1. Arbeids- og sosialkomiteen
2. Energi- og miljøkomiteen

3. Familie- og kulturkomiteen
4. Finanskomiteen
5. Helse- og omsorgskomiteen
6. Justiskomiteen
7. Kommunal- og forvaltingskomiteen
8. Kontroll- og konstitusjonskomiteen
9. Næringskomiteen
10. Transport- og kommunikasjonskomiteen
11. Utdannings- og forskingskomiteen
12. Utanriks- og forsvarskomiteen

§ 13 *Samansetjing av fagkomiteane*

Straks etter at valkomiteen er skipa, nemner han opp medlemene til fagkomiteane i Stortinget, jf. § 10.

Alle partigruppene bør så langt råd er, vere representerte i komiteane etter høvetala.

Alle partigruppene skal ha medlem i finanskomiteen og har rett til å ha medlem i kontroll- og konstitusjonskomiteen. For dei partigruppene som ikkje er representerte i alle komiteane, kan valkomiteen etter oppmoding frå den partigruppa det gjeld, i særlege tilfelle gjere unntak frå plikta til å vere representert i finanskomiteen. For desse partigruppene kan valkomiteen også samtykkje til at anten medlemen i finanskomiteen eller medlemen i kontroll- og konstitusjonskomiteen også er medlem av ein annan fagkomité. Ingen kan vere medlem av meir enn to komitear.

Valkomiteen gjev Stortinget melding om oppnemningane.

§ 14 *Saksfordelinga mellom fagkomiteane*

Hovudregelen for saksfordelinga mellom fagkomiteane er:

1. Arbeids- og sosialkomiteen: Saker som gjeld arbeidsmarknad og arbeidsmiljø, arbeidsretta ytingar, pensjonar, sosiale stønader og politikk som gjeld personar med funksjonsnedsetjing.
2. Energi- og miljøkomiteen: Saker som gjeld olje, energi, vassdrag og miljøvern.

3. Familie- og kulturkomiteen: Saker som gjeld familie, barn og ungdom, likestilling, forbrukarsaker, medrekna saker om gjeldsordning, kyrkje, trus- og livssynssamfunn, kultur og kulturminne.
4. Finanskomiteen: Saker som gjeld økonomisk politikk, formues- og gjeldsforvalting, finansadministrasjon, finansmarknad, rekneskap og revisjon, inntektene til folketrygda, skattar, avgifter, toll og løyvingar til Stortinget. Om behandling av statsbudsjettet og nasjonalbudsjettet: Sjå § 43.
5. Helse- og omsorgskomiteen: Saker som gjeld helsetenester, pleie- og omsorgstenester, folkehelsearbeid, rusmiddelpolitikk og legemiddel.
6. Justiskomiteen: Saker som gjeld rettsvesenet, kriminalomsorg, politiet, andre justisføremål, sivil beredskap, rettferdsvederlag, allmenn lovgjeving om forvalting, straffelovgjeving, prosesslovgjeving og allmenn sivillovgjeving.
7. Kommunal- og forvaltingskomiteen: Saker som gjeld kommunal forvalting, regional- og distriktspolitikk, rammetilskot til kommunar og fylkeskommunar, innvandringspolitikk, bustadtilhøve, bygningssaker, regional planlegging, nasjonale minoritetar, samiske spørsmål med unntak av reglane om val til Sametinget.[1] Generelle saker om elektronisk kommunikasjon, digitalisering og kunstig intelligens. Saker som gjeld organisering og verkeområde for statleg forvalting, statens fellesadministrasjon, statleg personalpolitikk, medrekna lønsvilkår, løyvingar til Det kongelege hus og partistøtte.[2]
8. Kontroll- og konstitusjonskomiteen: Grunnlovssaker og vallovgjeving, saker som gjeld Stortingets kontroll med forvaltinga, jf. § 15 første ledd, saker der Stortinget skal ta stilling til om konstitusjonelt ansvar[3] skal gjerast gjeldande, medrekna om ein skal be Stortingets ansvarskommisjon[4] om å gjere dei undersøkingane som trengst for å klarleggje grunnlaget for slikt ansvar, jf. § 15 andre og tredje ledd og § 44. Komiteen skal også gjennomgå og leggje fram innstilling til Stortinget om
   a) statsrådsprotokollane m.m., jf. Grunnlova § 75 bokstav f,
   b) den årlege meldinga frå regjeringa om oppfølginga av stortingsvedtak som inneheld ei oppmoding til regjeringa, og om behandlinga av representantframlegg som det er gjort vedtak om å sende

over til regjeringa til utgreiing og fråsegn,

c) dokument og meldingar frå dei eksterne organa til Stortinget og andre saker som gjeld verksemda deira,

d) rapportar frå Stortingets ansvarskommisjon og stortingsoppnemnde granskingskommisjonar.[8]

9. Næringskomiteen: Saker som gjeld nærings-, industri- og handelsverksemd, romverksemd, skipsfart, statleg eigarskapspolitikk, statsgaranti ved eksport mv., konkurranse- og prispolitikk, landbruk, jordbruksavtalen, matpolitikk, fiske, fangst, reindriftsavtalen, akvakultur og laksefiske.
10. Transport- og kommunikasjonskomiteen: Saker som gjeld innanlands transport, post, fritidsbåtar og oppgåver under Kystverket.
11. Utdannings- og forskingskomiteen: Saker som gjeld utdanning, barnehagar og forsking, medrekna koordinering av forskingspolitikken og forsking for landbruk, fiskeri og næringsliv.
12. Utanriks- og forsvarskomiteen: Saker som gjeld utanrikspolitiske tilhøve, militært forsvar, utviklingshjelp, saker som gjeld norske interesser på Svarbard eller i andre polarområde, årsrapportar frå Stortingets faste delegasjonar til interparlamentariske forsamlingar, og – til vanleg – saker som gjeld avtalar mellom den norske staten og andre statar eller internasjonale organisasjonar.

1 Jf. lov 12 juni 1987 nr. 56 § 2–3 til § 2–11.
2 Jf. lov 17 juni 2005 nr. 102.
3 Jf. Grl. § 86 og lov 5 feb 1932 nr. 1.
4 Jf. lov 5 feb 1932 nr. 2 kap. 3.
5 Jf. § 19.

## § 15 *Nærare om kontroll- og konstitusjonskomiteen*

Ein tredjedel av medlemene i kontroll- og konstitusjonskomiteen kan vedta at komiteen skal be ein statsråd om å leggje fram opplysningar om tilhøve som blir omfatta av Stortingets kontroll med forvaltinga, som komiteen ønskjer. Ein tredjedel av medlemene i komiteen kan deretter vedta at komiteen skal ta ei sak om slik kontroll opp til behandling. Vidare kan ein tredjedel gjere dei undersøkingane i forvaltinga som ein meiner er nødvendige for dette.

Ein tredjedel av medlemene i kontroll- og konstitusjonskomiteen kan krevje at komiteen av eige tiltak skal ta ei sak om eventuelt konstitusjonelt ansvar opp til behandling, jf. lov 5. februar 1932 nr. 1 om ansvar for handlingar som blir påtalte ved Riksrett, og lov 5. februar 1932 nr. 2 om rettargangsmåten i riksrettssaker.

Dersom kontroll- og konstitusjonskomiteen kjem til at tilhøve i ein ekstern bodskap som gjeld brot på konstitusjonelle plikter, ikkje kan påtalast ved riksrett, skal bodskapen sendast over til rett påtalemakt. Komiteen kan dessutan gjere vedtak om at ein bodskap ikkje skal leggjast fram for Stortinget når dei tilhøva han gjeld, openbert ikkje kan føre til ansvar. Bodskapen skal leggjast fram for Stortinget ved innstilling dersom ein tredjedel av komitémedlemene krev det. Den som har kome med bodskapen, skal få melding om utfallet av behandlinga.

Før andre komitear legg fram innstilling der det blir gjort framlegg om at konstitusjonelt ansvar[1] skal gjerast gjeldande, eller framlegg om at Stortingets ansvarskommisjon[2] skal setje i verk undersøkingar, skal utkast til innstilling frå vedkomande komité leggjast fram for kontroll- og konstitusjonskomiteen til fråsegn.

Kontroll- og konstitusjonskomiteen skal leggje fram innstilling til Stortinget om alle saker han tek opp til behandling. Ved behandlinga av saker etter § 14 nr. 8 bokstav b) kan komiteen velje å hente inn fråsegn frå vedkomande fagkomité[3] som gjev grunnlag i arbeidet med innstillinga.

Komiteen fastset nærare reglar for sekretariatet sitt, også for arbeidsoppgåvene til sekretariatet, og korleis komitémedlemene kan bruke sekretariatet.

1 Jf. Grl. § 86.
2 Jf. lov 5 feb 1932 nr. 2 kap. 3.
3 Jf. § 12.

## § 16 *Den utvida utanriks- og forsvarskomiteen*

I den utvida utanriks- og forsvarskomiteen sit dei ordinære medlemene i utanriks- og forsvarskomiteen, stortingspresidenten og leiarane i partigruppene (dersom dei ikkje alt er medlemer av komiteen). Den valde leiaren i utanriks- og forsvarskomiteen, jf. § 20 første ledd, er leiaren i den utvida utanriks- og forsvarskomiteen. Etter oppmoding frå ei gruppe kan

valkomiteen[1] nemne opp fleire medlemer dersom komiteen ser at omsynet til representasjon og fordelinga mellom gruppene tilseier det.

Oppgåva til den utvida utanriks- og forsvarskomiteen er å drøfte viktige spørsmål om utanrikspolitikk, handelspolitikk, tryggingspolitikk og beredskap, medrekna terrorberedskap, med regjeringa. Slike drøftingar bør haldast før det blir gjort viktige vedtak. I særlege tilfelle kan komiteen leggje fram innstilling for Stortinget.

Første visepresident i Stortinget er varamedlem for stortingspresidenten, og nestleiarane i partigruppene er varamedlemer for leiarane i partigruppene. Dersom leiaren for partigruppa alt er medlem av komiteen, kan partiet i tillegg til nestleiaren utpeike ytterlegare ein varamedlem. Etter oppmoding frå vedkomande gruppe kan presidentskapet avgjere at ein vararepresentant[2] som møter i utanriks- og forsvarskomiteen, også skal møte i den utvida utanriks- og forsvarskomiteen.

Leiaren kallar saman komiteen når vedkomande meiner det er nødvendig, eller når statsministeren, utanriksministeren eller ein tredjedel av komitémedlemene ber om det. Det gjeld også når forsvarsministeren ber om det i viktige spørsmål som gjeld beredskap, eller når justisministeren ber om drøfting av spørsmål som gjeld terrorberedskap.

Forhandlingane i den utvida utanriks- og forsvarskomiteen er omfatta av teieplikt dersom det ikkje uttrykkjeleg er gjort vedtak om noko anna. Det same gjeld innkallinga til og dagsordenen for møtet.

Den utvida utanriks- og forsvarskomiteen kan vedta å halde fellesmøte med andre komitear. Femte ledd gjeld også for slike fellesmøte. Tredje ledd andre punktum gjeld tilsvarande for varamedlemer i komitear som ein held fellesmøte med.

Ei sak skal leggjast fram for Stortinget når minst seks komitémedlemer krev det i eit møte i den utvida utanriks- og forsvarskomiteen der saka står på dagsordenen. Komiteen prøver om vilkåra for stortingsbehandling etter første punktum er oppfylte, og legg i så fall saka fram for presidentskapet. Komiteen kan vedta å halde fram med å behandle saka i det same møtet eller i eit seinare møte også når det er sett fram krav i samsvar med første punktum. Stortinget avgjer i møte for stengde dører om behandlinga i Stortinget skal vere for opne eller stengde dører.[3] Behandlinga i Stortinget byrjar med ei utgreiing av ein regjeringsmedlem. Stortin-

get vedtek om ordskiftet skal kome anten rett etter denne utgreiinga eller i eit seinare møte. Framlegg som er sette fram i samband med stortingsbehandling av ei slik sak, kan ikkje sendast til behandling i ein komité.[4]

1 Jf. § 10.

2 Jf. Grl. § 58 andre punktum.

3 Jf. Grl. § 84.

4 Jf. § 22.

§ 17 *Europautvalet*

Dei konsultasjonane som regjeringa har med Stortinget om saker som gjeld avtalen om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet (EØS-avtalen),[1] medrekna framlegg om nye eller endra rettsakter på eit område som er omfatta av EØS-avtalen, og saker som gjeld tilgrensande avtalar med Den europeiske unionen (EU), skal haldast saman med Europautvalet. Europautvalet kan også nyttast til konsultasjon med Stortinget om andre handelspolitiske saker og forhandlingar. I slike tilfelle skal også næringskomiteen kallast inn.

Europautvalet består av utanriks- og forsvarskomiteen[2] og medlemene av den norske delegasjonen til parlamentarikarkomiteen[3] for EØS. Utanriks- og forsvarskomiteen og leiaren i komiteen kan dessutan avgjere at ein eller fleire komitear skal delta ved bestemte konsultasjonar. Varamedlemer i utanriks- og forsvarskomiteen møter også i Europautvalet. Det same gjeld varamedlemer i andre komitear som deltek i konsultasjonar etter andre punktum. Valkomiteen kan, etter oppmoding frå ei partigruppe, nemne opp leiaren av vedkomande gruppe som medlem av Europautvalet dersom ein meiner at omsynet til den høvesvise representasjonen til gruppene tilseier det.

Leiaren i utanriks- og forsvarskomiteen kallar saman til konsultasjonar i Europautvalet når vedkomande meiner det er nødvendig, eller når ein medlem av regjeringa eller ein tredjedel av medlemene i utanriks- og forsvarskomiteen ber om det.

Dokument som Europautvalet får tilsendt frå regjeringa, skal også sendast til dei fagkomiteane[4] det gjeld. Komiteane kan be regjeringa om å få sendt over andre dokument som gjeld EU- eller EØS-saker. Komiteane kan også stille skriftlege spørsmål til den aktuelle regjeringsmedlemen

om slike saker, men kan ikkje halde høyring.[5] Ein komité kan vedta å gje skriftleg fråsegn til Europautvalet om ei sak som utvalet skal behandle. Komiteen avgjer om det skal veljast saksordførar[6] for ei slik sak. Ei skriftleg fråsegn frå ein komité til Europautvalet er offentleg når ho er gjeven, dersom ikkje komiteen fastset noko anna.

Møta i Europautvalet skal haldast for stengde dører. Det same gjeld for fellesmøte som utvalet har med andre komitear. Referat frå forhandlingane i utvalet er offentlege når dei ligg føre, dersom ikkje utvalet avgjer noko anna. Fråsegner som er gjevne i eit møte når referatet frå forhandlingane i saka ikkje er offentleg, er omfatta av teieplikt.[7]

Saker som er tekne opp i Europautvalet, skal leggjast fram for Stortinget når utanriks- og forsvarskomiteen krev det i eit møte i Europautvalet der saka står på dagsordenen. Stortinget avgjer for stengde dører om møte i Stortinget for å behandle saka skal haldast for opne eller stengde dører.[8] Føresegnene i § 16 sjuande ledd andre til og med siste punktum gjeld tilsvarande.

1 Jf. lov 27 nov 1992 nr. 109.
2 Jf. § 14 nr. 12.
3 Jf. EØS-avtalen art. 95.
4 Jf. § 12.
5 Jf. § 27.
6 Jf. § 24.
7 Jf. lov 5 feb 1932 nr. 1 § 14.
8 Jf. Grl. § 84.

## § 18 *Særskilde komitear*

Dersom Stortinget meiner det er nødvendig, kan det i unntakstilfelle nemne opp særskilde komitear til å behandle ei einskild sak eller saker av eit bestemt slag. Stortingets presidentskap legg fram innstilling om å nemne opp ein særskild komité. Innstillinga skal også innehalde framlegg til vedtak om samansetjing av den særskilde komiteen, og så langt råd er, bør ein unngå at oppnemninga fører til vanskar for det ordinære komitéarbeidet.

§ 19 *Granskingskommisjonar*

Stortinget kan nemne opp ein granskingskommisjon for å klarleggje eller vurdere ein tidlegare faktisk hendingsgang. Mandatet bør berre opne for ei vurdering av ansvarstilhøve så langt som Stortinget har behov for hjelp til dette.

Framlegg om å nemne opp ein granskingskommisjon skal behandlast av kontroll- og konstitusjonskomiteen eller av ein særskild komité som Stortinget nemner opp etter § 18. Kontroll- og konstitusjonskomiteen kan leggje fram slikt forslag på eige initiativ.

Stortinget fastset mandatet til kommisjonen og dei nærare prosedyrane for arbeidet. Mandatet må sikre at ein tryggjer retten til kontradiksjon og etterprøving. Vidare må mandatet avklare om og i kor stor utstrekning føresegnene i forvaltingslova, offentleglova, sikkerheitslova og arkivlova skal gjelde. Det bør også vurderast om kommisjonen treng lovheimel for å sikre nødvendig tilgang til opplysningar og dokument og til å behandle personopplysningar.

Alle har rett til å få hjelp på alle trinn i arbeidet til granskingskommisjonen. Den som granskinga vedkjem, kan få dekt nødvendige kostnader når særlege grunnar taler for det.

Ein stortingsoppnemnd granskingskommisjon skal vere samansett av personar som har den nødvendige faglege kompetansen og integriteten. Kommisjonen utfører vervet sitt sjølvstendig og uavhengig av Stortinget.

Granskingskommisjonen rapporterer direkte til Stortinget. Rapporten skal vere offentleg dersom ikkje særskilde omsyn tilseier at det bør vere teieplikt for heile rapporten eller for delar av han. Før Stortinget gjer den endelege vurderinga av rapporten, bør han sendast over til regjeringa til skriftleg fråsegn.

## Kapittel 4 Arbeidsordninga i komiteane

§ 20 *Val av komitéleiing, innkalling, møteplikt mv.*

Så snart komiteane er oppnemnde,[1] kjem kvar enkelt av dei saman og vel leiar, første nestleiar og andre nestleiar. Det skal straks sendast mel-

ding om vala til Stortinget. Det skal haldast nytt val kvart år i valperioden[2] så snart det lèt seg gjere etter at Stortinget har konstituert seg.[3]

Leiaren i komiteen kallar saman til møte og leier forhandlingane i komitémøta. Dersom leiaren har forfall, tek første nestleiar over desse oppgåvene. Dersom også første nestleiar har forfall, er det andre nestleiar som tek over desse oppgåvene.

Medlemene har den same plikta til å møte i komiteen som dei har til å møte i Stortinget.[4] Forfall skal meldast til leiaren.

Komiteane kan etter grunngjeven søknad få samtykke frå presidentskapet til å nytte lønt arbeidshjelp.

1 Jf. § 13.

2 Jf. Grl. § 71.

3 Jf. Grl. § 74 (1).

4 Jf. Grl. §§ 63 og 71 og lov 5 feb 1932 nr. 1 § 12.

### § 21 *Varamedlemer*

Ein vararepresentant[1] som blir innkalla for ein representant, går inn som medlem av den komiteen representanten sit i, dersom presidentskapet ikkje vedtek noko anna. Det er likevel særskilde reglar for valkomiteen, den utvida utanriks- og forsvarskomiteen og Europautvalet, jf. §§ 10, 16 og 17.

Dersom ein komitémedlem har forfall til ei komitésamling[2] når Stortinget ikkje er samla,[3] og leiaren i komiteen meiner at forfallet[4] kan godkjennast, kan leiaren kalle inn vararepresentanten for komitémedlemen. Det same gjeld ved forfall til komitésamling når Stortinget er samla, men ikkje har møte, og det ikkje har vore råd å søkje Stortinget om permisjon. § 5 andre punktum gjeld tilsvarande.

1 Jf. Grl. § 58 andre punktum.

2 Jf. §§ 25, 27 og 28.

3 Jf. § 37 og Grl. § 80 (1).

4 Jf. § 5.

### § 22 *Oversending av saker til komiteane*

Etter framlegg frå presidenten fordeler Stortinget alle saker som krev komitéførebuing, til dei faste komiteane.[1] Til vanleg skal alle saker som ein komité skal førebu, fordelast etter saksfordelinga fastsett i § 14. Etter

framlegg frå presidentskapet kan Stortinget gjere unntak for dette når praktiske grunnar tilseier det.

Stortinget kan vedta at ei sak først skal behandlast av ein komité, og at utkastet til innstilling frå denne komiteen deretter blir lagt fram for ein annan komité til fråsegn før det blir lagt fram innstilling. Stortinget kan også vedta at ei sak først skal behandlast av ein komité, og at utkastet til innstilling frå denne komiteen blir sendt til ein annan komité, som deretter legg fram innstilling. Etter at ei sak er send til ein komité, kan vedtak etter første og andre punktum gjerast av presidentskapet.

Stortinget kan også vedta at to faste komitear skal førebu ei sak i fellesskap. Som regel skal saka då drøftast førebels i eit fellesutval som har like mange medlemer frå kvar komité. Ordføraren[2] for saka skal veljast innanfor dette utvalet.

Dersom det gjeld saker om større, ekstraordinære løyvingar, kan Stortinget vedta at komitéinnstillinga i saka skal sendast til finanskomiteen for at han kan uttale seg om den finansielle sida av innstillinga.

Når andre komitear enn utanriks- og forsvarskomiteen behandlar saker som vedkjem norske utanrikspolitiske interesser eller norske interesser på Svalbard eller i andre polarområde, skal utkast til innstilling frå vedkomande komité leggjast fram for utanriks- og forsvarskomiteen til fråsegn før innstilling blir lagd fram.

Saker som alt er sende over til ein komité, kan fordelast på nytt dersom presidentskapet vedtek det. Dersom presidentskapet samrøystes kjem fram til at ei sak ikkje treng å bli førebudd av ein komité, kan det sjølv leggje fram innstilling i saka.

Komiteane kan ikkje behandle andre saker enn dei som er sende over frå Stortinget, med dei unntaka som følgjer av denne forretningsordenen.[3]

1 Jf. § 12.

2 Jf. § 24.

3 Jf. § 15 (1) til (3), § 16 (8) og § 17 fjerde og sjette ledd.

## § 22 a *Initiativdebatt*

Komiteane kan inntil to gonger i kvar stortingssesjon[1] ta opp eit tema som høyrer inn under saksområdet[2] til komiteen, til debatt i Stortinget,

også utanom konkrete saker komiteen har fått til behandling. Under ein slik debatt kan det ikkje setjast fram forslag.

1 Jf. Grl. § 68.

2 Jf. § 14.

§ 23 *Framdrift og frist for framlegging*

Leiaren skal snarast råd leggje fram for komiteen alle saker som komiteen har teke imot frå Stortinget. Så snart som råd er, skal komiteen fastsetje frist[1] for å leggje fram innstilling og gje melding til stortingsadministrasjonen om fristen. Komitéleiaren skal føre tilsyn med at framdrifta i arbeidet med sakene er i samsvar med dei fastsette fristane. Vedtak om utsetjing av ein fastsett frist for å leggje fram innstilling krev samtykke frå presidentskapet dersom utsetjinga gjer at behandlingsdatoen må endrast i det førebels langtidsprogrammet for møta i Stortinget.

Eit vedtak om tidspunkt for å leggje fram innstilling, og også om frist for å leggje fram innstilling, kan eit mindretal på minst ein tredjedel av komitémedlemene leggje fram for presidentskapet til avgjerd, når det blir vedteke i det same møtet.

1 Jf. § 43 (2) til (5).

§ 24 *Saksordførar*

For kvar sak som skal opp til behandling, vel komiteen ein ordførar blant medlemene sine, eller dersom det er reist krav om det, skal det veljast fleire ordførarar. Når ein komité berre skal kome med fråsegn om ei innstilling eller eit utkast til innstilling som er utarbeidd av ein annan komité,[1] avgjer komiteen om det skal veljast saksordførar.

Ordføraren skal førebu saka for komiteen og skal freiste å få fram dei opplysningane og setje i verk dei undersøkingane som komitémedlemene meiner er nødvendige. Ordføraren har ansvar for å utarbeide innstillinga og skal skrive under saman med komitéleiaren.

Spørsmål eller oppmodingar til den ansvarlege statsråden som ledd i saksførebuinga skal normalt saksordføraren eller leiaren sende på vegner av komiteen. Svaret frå statsråden skal gjerast tilgjengeleg for komitémedlemene. Seinast ei veke før komiteen skal leggje fram innstilling, kan saksordføraren krevje at komiteen stiller bestemte skriftlege spørsmål til den

regjeringsmedlemen det gjeld, om ei sak som komiteen har til behandling.

1 Jf. § 15 (4) og § 22 (2), (4) og (5).

§ 25 *Komitémøte*

Innkalling til møte i komiteen skal innehalde dagsordenen. Møtetidspunktet skal kunngjerast på eigna måte.

Komitémøta blir haldne for stengde dører. Utsegner som andre komitémedlemer har kome med i eit lukka komitémøte, er det ikkje lov å gje vidare til andre.[1]

Ein komité kan nemne opp utval mellom medlemene sine til å førebu einskilde saker, men den endelege behandlinga av ei sak må alltid skje i samla komité.

Komitémøte skal som hovudregel haldast ved at komitémedlemene møter fysisk. Komiteen kan i unntakstilfelle avgjere at komitémøte skal haldast ved hjelp av fjernmøteteknologi. Føresegnene i første til tredje ledd gjeld tilsvarande for slike møte, medrekna at digital deltaking må skje utan at utanforståande får tilgang til eller kan følgje med på møtet.

1 Jf. lov 5 feb 1932 nr. 1 § 14.

§ 26 *Avrøystingar i komiteane*

Eit komitévedtak er gyldig når minst tre femtedelar av medlemene, avrunda opp til næraste runde tal, har vore til stades og røysta.

Komitévedtak blir fatta ved vanleg fleirtal. Dersom ei avrøysting viser like mange røyster for som imot, er røysta til komitéleiaren utslagsgjevande. Andre punktum gjeld ikkje ved personval, medrekna val av saksordførar.[1] Dersom komitéleiaren[2] har fråvær, er røysta til fungerande komitéleiar utslagsgjevande.

Ved val gjeld § 61 andre ledd tilsvarande.

Føresegnene i første til tredje ledd gjeld tilsvarande for avrøystingar i komitémøte som blir haldne ved bruk av fjernmøteteknologi, jf. § 25 siste ledd.

1 Jf. § 24.

2 Jf. § 20 (2).

§ 27 *Vedtak om komitéhøyring*

Komiteen kan halde munnlege eller skriftlege høyringar. Med munnleg høyring er meint eit møte i komiteen der komiteen får munnlege forklaringar frå personar som komiteen sjølv har bede om å kome, eller som søkjer om å få leggje fram opplysningar for komiteen. Med skriftleg høyring er meint at komiteen inviterer til skriftlege høyringsinnspel i ei sak komiteen har til behandling.

Ein tredjedel av medlemene i komiteen kan krevje at det skal haldast høyring i ei sak komiteen har til behandling, og vedta kven ein skal be om å møte til munnleg høyring, eller om det skal inviterast til skriftleg høyring. Skriftleg høyring kan tre i staden for eller kome i tillegg til ei munnleg høyring.

Eit vedtak om å halde høyring som berre eit mindretal av medlemene i komiteen støttar, kan eit mindretal på minst ein tredjedel av medlemene i komiteen i same møte vedta å leggje fram for presidentskapet til avgjerd.

Spørsmålet om å halde ei høyring skal førast opp som ei eiga sak i innkallinga til eit komitémøte. Berre saker som er til behandling i komiteen, og der det er valt saksordførar, kan takast opp til høyring.

Det er ikkje høve til å halde munnleg høyring når grunnlovsframlegg blir behandla i Stortinget. Det er ikkje høve til å halde kontrollhøyring når det er møte i Stortinget, bortsett frå under den ordinære spørjetimen. Elles bør ein halde høyringar på tidspunkt som ikkje fell saman med møte i Stortinget.

§ 27 a *Gjennomføring av komitéhøyringar*

Dei som blir bedne om å møte til munnleg høyring, møter friviljug, og dei avgjer sjølve om dei vil svare på spørsmål frå komiteen. Etter søknad kan presidentskapet gje komiteen lov til å dekkje nødvendige utgifter for personar som er med i ei munnleg høyring etter oppmoding frå komiteen.

Munnlege komitéhøyringar skal haldast for opne dører. Komiteen kan likevel med vanleg fleirtal vedta at høyringa heilt eller delvis skal gå for stengde dører. Eit medlem av komiteen kan krevje at ei open høyring blir avbroten for at komiteen skal behandle den vidare framdrifta, medrekna framlegg om å avslutte høyringa eller om å halde fram for stengde dører. Komiteen kan berre ta imot teiepliktige opplysningar for stengde

dører. I ei open høyring må komitémedlemene ikkje gje eller vise til opplysningar som det etter lov eller instruks gjeld teieplikt for.

Meiningsutveksling mellom komitémedlemene skal ikkje finne stad under ei open høyring.

Opne høyringar skal kunngjerast seinast 24 timer før høyringa. I ekstraordinære tilfelle kan ei høyring kunngjerast med kortare varsel. I ei open høyring skal det vere plassar for tilhøyrarar. Talet på tilhøyrarar kan avgrensast av plassomsyn. Tilhøyrarar som forstyrrar høyringa, kan visast bort.

Komiteen kan vedta at det skal takast stenografisk referat frå ei kontrollhøyring, jf. reglementet for kontrollhøyringar. Avgjerd om stenografisk referat frå andre høyringar krev samtykke frå presidentskapet. Komiteen kan også vedta at høyringa skal takast opp på lydband. Komiteen kan vedta at det ikkje skal gjerast lyd- og biletopptak i ei høyring som elles er open.

Komiteen fastset sjølv den nærare prosedyren for dei munnlege høyringane, mellom anna fordeling av taletida, rekkjefølgje og talet på hovud- og oppfølgingsspørsmål.

Komiteen kan ved vanleg fleirtal avgjere at ei munnleg høyring kan gjennomførast heilt eller delvis ved fjernmøteteknologi. Føresegnene i paragrafen her gjeld så langt dei høver.

Kontrollhøyringar skal gå etter reglement for kontrollhøyringar, vedteke av Stortinget.

Invitasjon til skriftleg høyring skal kunngjerast med ein nærare fastsett frist. Mottekne skriftlege høyringsinnspel vil som hovudregel bli publiserte.

§ 27 b *Oppfølging av samiske interesser*

Dersom komiteen vurderer tilråding til Stortinget om vedtak som vil kunne påverke samiske interesser direkte, og framlegget ikkje har vore gjenstand for konsultasjonar i samsvar med sameloven kapittel 4, kan komiteen:

a. invitere Sametinget eller andre representantar for vedkomande samiske interesser til dialog, eller
b. leggje fram innstilling om å be regjeringa gjennomføre nødvendige konsultasjonar og kome tilbake til Stortinget.

§ 28 *Komitéreiser*

Komiteen kan ta ut på reiser dersom han meiner det er nødvendig for arbeidet og presidentskapet har gjeve samtykke.

I staden for ei reise kan komiteen kan i særlege tilfelle gjennomføre møte med eksterne deltakarar ved bruk av fjernmøteteknologi. Slike møte skal i størst mogleg grad gjennomførast etter dei same prinsippa som blir praktiserte ved komitéreiser.

§ 29 *Protokollen og saksdokumenta til komiteane*

Forhandlingane i komiteen skal førast inn i ein eigen protokoll. Komitéleiaren er ansvarleg for at det blir ført møteprotokoll, at saksdokument som er sende til komiteen, blir registrerte, og at viktige dokument og vedlegg blir arkiverte. Når kvart storting er ferdig med forhandlingane sine,[1] skal protokollane som komiteane har ført, og dei dokumenta som høyrer til, leverast til Stortingets arkiv.

Presidentskapet kan etter søknad gje samtykke til at éin representant frå kvart parti som ikkje er representert i ein komité, får tilgang til alle dokumenta i den aktuelle komiteen. Reglane om konfidensialitet og behandlinga av dokumenta til komiteen gjeld i så fall tilsvarande for den representanten som får slik tilgang.

1 Jf. § 37 og Grl. § 80 (1) og (2).

§ 30 *Særleg om komitébehandling av representantframlegg*

Med mindre det er klart at eit representantforslag ikkje vil bli godteke, skal statsråden få høve til å uttale seg om framlegget før komiteen legg fram realitetsinnstilling. Ein tredjedel av medlemene i komiteen kan elles krevje at det skal sendast ei oppmoding om at statsråden gjev fråsegn om eit representantframlegg. Saksordføraren eller leiaren skal stå som avsendaren av førespurnaden på vegner av komiteen. Svaret frå statsråden skal gjerast tilgjengeleg for medlemene i komiteen.

Dersom komiteen meiner at Stortinget av formelle grunnar ikkje bør ta framlegget til realitetsbehandling, legg han fram innstilling om at framlegget blir avvist. Dersom det er behov for meir utgreiing før det blir teke realitetsstandpunkt, kan komiteen leggje fram innstilling om at framlegget blir sendt regjeringa til utgreiing og fråsegn.[2] I andre tilfelle legg komiteen fram

innstilling om at representantframlegget heilt eller delvis blir vedteke ved at det blir teke opp at i tilrådinga, eller om at det ikkje blir vedteke. Dersom det ikkje er fleirtal for eit vedtak etter første til tredje punktum, skal komiteen leggje fram innstilling om at framlegget[3] blir lagt ved protokollen.

1 Jf. § 38.

2 Jf. § 14 nr. 8 b).

3 Jf. § 40 (1) første punktum.

§ 31 *Komitéinnstillingar til Stortinget*

Komiteane skal leggje fram for Stortinget ei skriftleg innstilling i alle saker dei får til behandling.[1] I særlege tilfelle kan innstillinga vere munnleg. I så fall må utkastet til vedtak som hovudregel vere delt rundt på førehand.

Alle innstillingar skal vere så korte som råd er, og i hovudsak innehalde merknadene frå komiteen. I innstillingane skal det ikkje prentast opp att dokument som ein like godt kan vise til. Dersom det likevel er sitert frå prenta dokument i innstillinga, skal det gå tydeleg fram. Presidenten skal sjå til at desse føresegnene blir følgde.

Komiteane skal syte for at dokument og vedlegg som dei har fått frå Stortinget, blir prenta i den grad dei meiner det er føremålstenleg.

Saker som høyrer saman, skal så langt råd er, takast opp i ei og same innstilling. Når særskilde grunnar tilseier det og presidentskapet gjev samtykke, kan ein komité først leggje fram innstilling om ein del av ei sak og seinare leggje fram innstilling om resten av saka.

Dei framlegga som er omhandla og utforma i innstillinga, jf. § 40 første ledd,[2] skal setjast opp summarisk og i nummerorden i eit eige avsnitt der premissane for innstillinga er omtala. Av oversynet skal det gå fram kven som set fram framlegget.

Ei innstilling kan innehalde utkast til lovvedtak i tilråding eller framlegg når eit lovframlegg er grunnlaget for innstillinga.[3] Det same gjeld der eit utkast til lovvedtak er motteke av Stortinget og referert og sendt til behandling i ein komité eller i presidentskapet, eller der presidentskapet legg fram innstilling i tråd med initiativretten i § 7 fjerde ledd.

Ei innstilling kan ikkje innehalde både utkast til lovvedtak og utkast til stortingsvedtak i tilråding eller framlegg, bortsett frå at ei innstilling kan innehalde både utkast til lovvedtak og utkast til stortingsvedtak om ei

oppmoding til regjeringa. «Stortingsvedtak» er alle vedtak som ikkje er lovvedtak.

Det er ikkje tillate å offentleggjere ei innstilling før ho er endeleg framlagd. Ei framlagd innstilling skal leverast så snart som råd til stortingsadministrasjonen.

1 Jf. § 22 (7) første punktum.

2 Jf. også § 30 (2).

3 Jf. Grl. § 76 (1).

§ 32 *Presidentskapets tilsyn med framleggingsfristane til komiteane*

Presidentskapet fører tilsyn med at komiteane fastset fristar for når innstillingane skal leggjast fram,[1] at fristane passar inn i det førebels langtidsprogrammet for møta i Stortinget, og at innstillingane blir lagde fram i samsvar med fristane.

Presidentskapet kan kalle inn komitéleiarane til møte om framleggingsfristane og om det arbeidet komiteane gjer med sakene. Etter at komitéleiaren har hatt høve til å uttale seg, kan presidentskapet fastsetje ein annan framleggingsfrist enn komiteen har gjort, eller fastsetje frist i ei sak der komiteen ikkje har gjort det.

Skulle ein komité ikkje ha lagt fram innstilling innan den fristen som er fastsett, kan presidentskapet overføre saka til ein annan komité eller føre saka opp på dagsordenen[2] til behandling i Stortinget utan at det er lagt fram innstilling.

1 Jf. § 23 (1) andre punktum.

2 Jf. § 33.

## Kapittel 5 Innkalling til og avvikling av møta i Stortinget

§ 33 *Innkalling til møte i Stortinget*

Presidentskapet avgjer når Stortinget skal møte.

Etter vedtak i presidentskapet blir Stortinget kalla saman til møte ved at innkallinga er tilgjengeleg for representantane seinast 24 timar før møtet. Innkallinga skal innehalde dagsordenen. I ekstraordinære tilfelle kan det kallast saman til møte med kortare varsel. Det same gjeld dersom dagsordenen berre inneheld referatsaker.[1]

1 Jf. § 39 (2).

§ 34 *Møte i Stortinget*

Møte i Stortinget tek som regel til kl. 10.00 med unntak av fredagar då møta som regel tek til kl. 09.00. Presidentskapet kan vedta at møtet etter vanleg kunngjering[1] skal avsluttast og setjast på nytt same dag.

Det kan ikkje setjast møte i Stortinget før presidenten har forvissa seg om at det er så mange representantar til stades som Grunnlova krev.[2]

1 Jf. § 33 (2).

2 Jf. Grl. § 73 andre punktum.

§ 35 *Program for møta i Stortinget*

Seinast fredag innan kl. 15.00 bør program for arbeidet i Stortinget i veka etter gjerast tilgjengeleg for representantane. I programmet skal det stå kva dagar det skal haldast møte, når møta skal ta til, og fastsette tidspunkt for votering. Samstundes bør førebels sakliste for møta gjerast tilgjengeleg for representantane.

Regelen er at i stortingsmøta blir sakene tekne opp i den rekkjefølgja dei står på dagsordenen som presidenten har lagt fram.

Det kunngjorde vekeprogrammet som er nemnt i første ledd første og andre punktum, og den kunngjorde dagsordenen[1] må ikkje fråvikast utan at det er nødvendig. Presidentskapet vedtek slikt fråvik. Ein kan vedta fråvik med to tredjedels fleirtal dersom framlegget er sett fram av ein representant. Elles kan presidenten under eit stortingsmøte vedta endringar i dagsordenen. Det bør opplysast om vedtekne fråvik så snart som mogleg.

Dersom eit møte ikkje blir ferdig med dagsordenen, skal dei sakene som står att, behandlast først i neste møte eller førast opp på ny dagsorden. Saker som er utsette til ei fastsett tid, bør likevel takast opp slik det er bestemt.

1 Jf. § 33 (2).

§ 36 *Møte for stengde dører*

Dersom presidenten tek sikte på at eit møte skal haldast for stengde dører, skal møtet setjast og Stortinget ta stilling til dette for stengde dører (jf. § 84 i Grunnlova).[1]

Til møte for stengde dører kan presidenten gje tilgjenge for funksjonærar ved stortingsadministrasjonen og for stortingsreferentane. Presi-

denten kan også tillate at somme av stortingsbetjentane kjem inn under forhandlingane for å levere nødvendige meldingar til presidenten eller ein representant. Vidare kan presidenten etter oppmoding frå ein statsråd be om samtykke frå Stortinget til at embets- og tenestemenn frå departementa får høve til å vere til stades under møtet.

Referat frå forhandlingane skal førast inn i ein eigen protokoll (jf. § 64), og både den og dei utkasta til referat som finst, skal leggjast forsegla i arkivet.

Forhandlingar som er førte for stengde dører, kan offentleggjerast dersom Stortinget gjer vedtak om det.

Presidentskapet kan gje løyve til å opne ei arkivert og forsegla sak frå eit møte for stengde dører.

1 Jf. lov 5 feb 1932 nr. 1 § 14.

§ 37 *Avbrot av stortingsforhandlingane i juni*

Stortingsforhandlingane skal avsluttast seinast tredje fredagen i juni månad,[1] med høve for presidentskapet til å utsetje tidspunktet i særskilde tilfelle. Presidentskapet kan vedta at forhandlingane i Stortinget skal takast opp att[2] på eit seinare tidspunkt før neste storting kjem saman i samsvar med § 68 i Grunnlova.

1 Jf. Grl. § 80 (1).

2 Jf. Grl. § 80 (2).

## Kapittel 6 Arbeidsordninga i Stortinget

§ 38 *Overleverte og framsette proposisjonar og forslag*

Til vanleg bør ein overlevere kongelege proposisjonar[1] og setje fram grunnlovsframlegg[2] og representantframlegg ved byrjinga eller slutten av eit møte. Grunnlovsframlegg og representantframlegg skal leverast til stortingsadministrasjonen seinast kl. 08.30 den dagen framlegget skal setjast fram i møte.

Framlegg og søknader skal som regel setjast fram skriftleg, men kan ikkje setjast fram på vegner av fleire enn 10 representantar.

Grunnlovsframlegg og representantframlegg, saman med eventuell grunngjeving, skal snarast råd gjerast tilgjengelege for representantane.

Den som har sett fram eit representantframlegg, kan trekkje framlegget med ei skriftleg melding til stortingsadministrasjonen og i tillegg med ei munnleg melding til Stortinget. Eit framlegg om endring av Grunnlova kan ikkje trekkjast etter at Stortinget har vedteke at det skal prentast og kunngjerast.[3]

Når eit framlegg er endeleg avgjort, må det ikkje takast fram att eller takast opp att på nytt i same stortingssesjon.[4] Dersom det er heilt nødvendig, eller dersom regjeringa fremjar ein proposisjon eller ei melding innanfor det same saksområdet for Stortinget, kan Stortinget likevel gjere vedtak om at eit framlegg skal takast opp til ny behandling. Føresetnaden er då at framlegget blir komitébehandla på nytt.

1 Jf. §§ 42 og 43 og Grl. § 76 (1).

2 Jf. Grl. § 121 første punktum.

3 Jf. Grl. § 121 (2).

4 Jf. Grl. § 68.

§ 39 *Behandlinga av proposisjonar og forslag*

Presidentskapet føreslår korleis kongelege proposisjonar og meldingar og representantframlegg og søknader skal behandlast, når dei er komne inn til Stortinget.

Når nye saker, m.a. framlegg, oppmodingar og søknader, er refererte, avgjer Stortinget om saka skal

a) sendast til regjeringa utan realitetsvotering,
b) sendast til ein komité,[1]
c) leggjast ut til gjennomsyn for representantane i minst éin dag og deretter førast opp på kartet[2] til behandling,
d) takast opp til avgjerd straks dersom ikkje presidenten eller ein femtedel av dei representantane som er til stades, set seg imot dette,
e) avvisast eller ikkje takast opp til behandling.

Dersom presidenten meiner at bestemte saker som skal refererast, høver for avgjerd i same møtet, bør presidenten føre dei opp særskilt på dagsordenen og opplyse om at det kjem framlegg om at dei blir behandla straks.

Nye dokument i saker som alt er sende til ein komité, skal ikkje reknast som ei særskild sak, men skal sendast direkte til den komiteen som

har saka. Det skal likevel ikkje gjerast dersom presidentskapet finn at saka bør refererast i Stortinget.

Ein representant kan be om fråsegn frå vedkomande departement om eit framlegg, ein søknad eller ei oppmoding som det er gjort vedtak om å sende over til regjeringa utan realitetsvotering.

1 Jf. § 22.

2 Jf. § 33 (2) andre punktum.

§ 40 *Framlegg som er sette fram under behandlinga av ei sak*

Framlegg som er tekne opp og utforma i ei komitéinnstilling,[1] skal avgjerast saman med innstillinga når den som har kome med framlegget, krev det. Det same gjeld andre framlegg til den same saka når dei er varsla på førehand ved at dei blir leverte til presidenten gjennom Stortingets administrasjon seinast kl. 08.30 den dagen det er debatt om saka i Stortinget. For slike framlegg gjeld elles dei same reglane som for framlegg som blir utforma i innstillinga, jf. § 31 sjette ledd. Framlegg om at konstitusjonelt ansvar[2] skal gjerast gjeldande, eller framlegg om å setje i verk undersøkingar som nemnt i § 44 første ledd, skal likevel sendast kontroll- og konstitusjonskomiteen dersom tilhøvet ikkje alt har vore behandla av komiteen eller lagt fram for komiteen, jf. § 15 andre til fjerde ledd. I særskilde tilfelle kan Stortinget med to tredjedels fleirtal vedta at føresegnene i første og andre punktum skal setjast ut av kraft.

For behandling av framlegg som blir sette fram i ein debatt, gjeld § 38 andre ledd tilsvarande. Det same gjeld framlegg som er sette fram i tilknyting til ein debatt om ei utgreiing etter § 43 når debatten blir halden i eit seinare møte.

Når presidenten kunngjer at debatten om ei sak er avslutta, må det ikkje setjast fram nye framlegg eller gjerast endringar i framlegga i saka.

1 Jf. § 30 (2) og § 31 (5).

2 Jf. Grl. § 86.

§ 41 *Behandling av framlegg om å utsetje ei sak eller sende ho tilbake til komité*

Før debatten om ei sak er slutt,[1] kan det setjast fram framlegg om at saka skal sendast tilbake til komiteen, eller at den vidare behandlinga av saka i Stortinget blir utsett[2] til eit seinare møte i den same stortingssesjo-

nen.[3] Framlegget om utsetjing av saka til eit seinare stortingsmøte må takast opp til behandling straks og avgjerast av presidenten.

1 Jf. § 59 (1) første punktum.
2 Jf. § 62.
3 Jf. Grl. § 68.

§ 42 *Særleg om behandling av lovframlegg*

Dersom Stortinget vedtek endringsframlegg når det drøftar lovframlegg[1] første gong, og endringsframlegget ikkje har vore førebudd av ein komité, skal komiteen som regel uttale seg om vedtaket før det blir behandla på nytt i Stortinget.

Når det ved behandlinga av eit lovframlegg blir sett fram eit framlegg som inneheld ei oppmoding til regjeringa, skal framlegget som hovudregel behandlast saman med lovframlegget når det blir behandla for første gong. Slike oppmodingsframlegg som føreset eit visst resultat av behandlinga av lovframlegget, skal likevel førast opp på dagsordenen[2] som eiga sak som skal drøftast etter at Stortinget har avslutta behandlinga av lovframlegget. Det kan ikkje setjast fram andre framlegg under behandlinga av ei slik sak.[3]

Dersom eit framlegg om lovbehandling som er sett fram ved andre gongs behandling av eit lovframlegg, ikkje er varsla på førehand ved innlevering til presidenten gjennom stortingsadministrasjonen seinast kl. 08.30 den dagen det er debatt om lovframlegget i Stortinget, kan presidenten eller ein femtedel av dei representantane som er til stades, motsetje seg ei avrøysting over framlegget.

1 Jf. Grl. § 76 (2).
2 Jf. § 33 (2).
3 Jf. § 31 (6) andre punktum.

§ 43 *Behandlinga av statsbudsjettet og nasjonalbudsjettet*

Kongeleg proposisjon om statsbudsjett for det neste budsjettåret skal leggjast fram for Stortinget innan seks dagar etter at Stortinget er opna,[1] jf. § 8 i reglementet om løyvingar. Samtidig legg ein fram stortingsmelding om nasjonalbudsjettet.[2]

Etter at den kongelege proposisjonen om statsbudsjettet er lagd fram for Stortinget, legg presidentskapet fram innstilling om fordelinga av bud-

sjettkapitla på komiteane[3] og om rammeområde. Vidare skal presidentskapet – etter at komitéleiarane har hatt høve til å uttale seg – fastsetje og kunngjere fristane for å leggje fram budsjettinnstillingane og datoane for stortingsbehandlinga av dei.

Seinast den 30. november skal finanskomiteen leggje fram innstilling om nasjonalbudsjettet og statsbudsjettet, med framlegg til rammevedtak for løyvingar i samsvar med inndelinga i rammeområde fastsett av Stortinget. Framlegg til løyvingsvedtak som står i innstillinga, eller som blir lagde fram ved behandlinga av innstillinga, skal innehalde beløp for alle rammer og kan ikkje gå under rammenivå. Framlegg til rammevedtak må grunngjevast i innstillinga og kan ikkje setjast fram ved behandlinga av innstillinga etter § 40, med mindre framlegget er meint å rette opp ein klar feil i den framlagde innstillinga. Ein representant som ikkje er medlem av ei partigruppe, kan i alle høve setje fram framlegg til rammevedtak ved behandlinga av innstillinga. I Stortinget kan det ikkje røystast særskilt over einskilde delar av eit slikt framlegg.

Stortinget skal behandle innstillinga som er nemnd i tredje ledd, innan ei veke etter at dei er lagde fram. Dei rammevedtaka Stortinget gjer, er bindande for den etterfølgjande budsjettbehandlinga det same året.

Deretter skal fagkomiteane leggje fram innstilling om løyvingar innan dei rammeområda dei er tildelte. Framlegg til løyvingsvedtak som blir utforma i ei slik innstilling eller sette fram ved behandlinga, skal omfatte alle kapittel og postar innanfor kvart rammeområde og kan ikkje gå utover dei rammene Stortinget har vedteke. I Stortinget kan det ikkje voterast særskilt over einskilde delar av eit slikt framlegg.

Budsjettinnstillingane frå fagkomiteane skal behandlast av Stortinget seinast den siste møtedagen i desember. Dersom fristen etter fjerde ledd blir utsett eller overseten, blir denne fristen utvida med det same antalet dagar, men ikkje lenger enn til den 31. desember. Dei budsjettvedtaka Stortinget gjer ved behandlinga av desse innstillingane, er endelege.

Ein eventuell kongeleg samleproposisjon om endringar i statsbudsjettet skal leggjast fram seinast den 15. mai i budsjettåret, saman med stortingsmelding om revidert nasjonalbudsjett. Finanskomiteen legg fram innstilling om desse seinast den andre fredagen i juni. Når ein behandlar endringar i statsbudsjettet i budsjettåret, kan det ikkje voterast

særskilt over dei einskilde delane av eit framlegg dersom den som har sett fram framlegget, set seg imot det.

1 Jf. Grl. § 74 (1).

2 Jf. Grl. § 75, a og d.

3 Jf. § 12.

§ 44 *Behandlinga av saker om konstitusjonelt ansvar*

Når eit vedtak krev tilslutning frå ein tredjedel av representantane, kan Stortinget be Stortingets ansvarskommisjon om å setje i verk undersøkingar for å klarleggje om det er grunnlag for å ta ut tiltale for riksrett etter § 86 i Grunnlova, jf. lov 5. februar 1932 nr. 2 om rettargangsmåten i riksrettssaker kapittel 3. Dette gjeld likevel ikkje dersom Stortinget i den same saka gjer vedtak om at det skal eller ikkje skal takast ut tiltale mot den eller dei personane undersøkingane vil vere retta mot, for dei tilhøva som er omfatta av oppmodinga til ansvarskommisjonen.

Når det er gjort vedtak om tiltale for riksrett, handlar kontroll- og konstitusjonskomiteen[1] på vegner av Stortinget i arbeidet med førebuing og gjennomføring av saka.

1 Jf. § 15.

§ 45 *Munnleg utgreiing for Stortinget frå ein regjeringsmedlem*

Med samtykke frå Stortingets presidentskap kan ein medlem av regjeringa gje ei munnleg utgreiing i eit stortingsmøte. Dersom det er mogleg, skal utgreiinga førast opp på dagsordenen[1]. Presidenten kan vedta at utgreiinga omgåande skal følgjast av ein debatt. Forsamlinga kan deretter avgjere om utgreiinga skal

a) førast opp til behandling i eit seinare møte,
b) sendast til ein komité[2] eller
c) leggjast ved protokollen.

I ein debatt som følgjer rett etter utgreiinga, kan ein representant frå kvar av partigruppene – og vedkomande regjeringsmedlem – få ordet éin gong i opptil fem minutt. Under ein slik debatt kan det ikkje setjast fram framlegg. Når debatten er avslutta, avgjer forsamlinga om utgreiinga skal leggjast ved protokollen eller behandlast vidare etter første leddet bokstav a eller b.

Dersom forsamlinga ikkje er einig om den vidare behandlingsmåten etter første eller andre ledd, blir den vidare behandlingsmåten avgjord ved avrøysting.

1 Jf. § 33 (2).

2 Jf. § 22.

§ 46 *Tilgjengeleggjering av innstillingar frå komiteane*

Når ein komité har lagt fram ei innstilling, skal ho snarast råd gjerast tilgjengeleg for representantane. Som hovudregel skal det gå minst ei veke frå ei innstilling blir lagd fram, til ho blir behandla i Stortinget. Først 48 timar etter at ei innstilling er gjord tilgjengeleg for representantane, kan ho takast opp til behandling. I særlege tilfelle kan Stortinget likevel vedta med vanleg fleirtal at saka skal takast opp før denne fristen.

1 Jf. § 31 (7).

§ 47 *Oversikt over melde saker og saker til behandling*

I oktober og januar kvar stortingssesjon[1] innhentar presidentskapet ei oversikt over dei proposisjonane og meldingane som regjeringa har tenkt å leggje fram.

Presidentskapet syter for at representantane heile tida har tilgang til ei oppdatert liste over alle saker som er tekne opp til behandling.[2] I lista skal det opplysast når sakene vart sende til vedkomande komité, kven som er ordførar,[3] og når komiteane vil leggje fram innstilling.[4]

For at ein skal kunne rekne med at kongelege proposisjonar og meldingar skal kunne bli behandla før Stortinget avbryt forhandlingane sine i juni,[5] må dei leggjast fram seinast 31. mars. Fristen gjeld ikkje for årlege og elles regelbundne proposisjonar og meldingar. For at ein skal kunne rekne med at representantframlegg og interpellasjonar[6] skal kunne bli behandla før Stortinget avbryt forhandlingane sine i juni, må dei setjast fram innan den same fristen. Stortinget kan etter søknad gjere unntak frå fristen. Slik søknad må setjast fram for Stortingets presidentskap, som legg fram innstilling for Stortinget.[7]

1 Jf. Grl. § 68.

2 Jf. § 39.

3 Jf. § 24.

4 Jf. § 23 (1) andre punktum.

5 Jf. § 37.
6 Jf. § 68.
7 Jf. § 31 (1).

## § 48 *Saker som ikkje blir ferdig behandla i stortingssesjonen eller valperioden*

Kongelege proposisjonar til Stortinget som Stortinget ikkje har ferdigbehandla i den valperioden[1] då dei vart sette fram[2] i stortingsmøte, kan presidentskapet føreslå blir tekne opp til behandling i den nye valperioden, etter at regjeringa har fått uttale seg om saka. Tilsvarande gjeld kongelege meldingar til Stortinget som Stortinget ikkje har ferdigbehandla i den valperioden då dei vart refererte[3] i stortingsmøte.

Representantframlegg og søknader som er sette fram i den førre stortingssesjonen[4] i den same valperioden, men ikkje er avgjorde der, står framleis for tur til å bli behandla, dersom den som sette fram framlegget, ikkje tok atterhald om det motsette. Representantframlegg som ikkje er ferdig behandla i den valperioden då dei vart sette fram,[5] fell bort.

Presidentskapet kan føreslå at andre dokument med opphav i Stortinget eller organ som er tilknytte Stortinget, som ikkje har vorte ferdig behandla av Stortinget i den valperioden dei vart tekne til behandling, blir tekne opp til behandling i den nye valperioden.

Dersom ei komitéinnstilling ikkje blir avgjord i Stortinget før stortingssesjonen er slutt, skal ho takast opp til behandling i neste sesjon i den same valperioden, og då utan ny behandling i komité. Ei innstilling som ikkje er avgjord i Stortinget før valperioden er over, fell bort.

Spørsmål[6] og interpellasjonar[7] som det ikkje er gjeve svar på før valperioden er slutt, fell bort.

1 Jf. Grl. § 71.
2 Jf. § 38 (1).
3 Jf. § 39.
4 Jf. Grl. § 68.
5 Jf. Grl. § 80 (2).
6 Jf. §§ 69 til 73.
7 Jf. § 68.

§ 49 *Innkalling av personar til å møte for Stortinget*

Når Stortinget meiner det er nødvendig å kalle inn nokon til møte etter § 75 h i Grunnlova, skal presidenten syte for at det blir sendt innkalling.

I innkallinga skal den saka eller dei sakene Stortinget ønskjer forklaringar om, nemnast uttrykkjeleg. Det skal òg gjerast greie for vedtaket om at den som er innkalla, skal stadfeste forklaringa si med høgtideleg lovnad.[1] Den som er innkalla, skal vidare få ein gjenpart av dei reglane Stortinget har vedteke om framgangsmåten når nokon blir innkalla etter § 75 h i Grunnlova.

1 Jf. lov 3 aug 1897 nr. 2 § 1, jf. dl. § 141.

§ 50 *Krav om utlevering av dokument*

Når Stortinget meiner det er nødvendig å krevje utlevering av dokument etter § 75 f i Grunnlova, gjer ein vedtak om det. Kravet om utlevering kan gjelde kva dokument som helst som regjeringa eller den underliggjande forvaltinga sit med, og som er utarbeidd eller innhenta som ledd i offentleg verksemd. Presidenten syter for at kravet blir sendt over til regjeringa, som deretter legg fram dokumenta snarast råd.

§ 50 a *Behandling av meldingar frå regjeringa om forskrifter som avvik frå gjeldande lovgjeving*

Ei melding frå regjeringa om forskrift fastsett av Kongen som utfyller, supplerer eller fråvik gjeldande lovgjeving, skal sendast Stortingets presidentskap, som syter for at meldinga så snart råd er, blir gjord tilgjengeleg for representantane på eigna måte. Meldinga skal bli referert i det første stortingsmøtet etter at ho er teken imot. Tilsvarande framgangsmøte skal ein følgje for melding frå regjeringa om å oppheve ei slik forskrift.

## Kapittel 7 Debattane

§ 51 *Talarlister og avgrensingar av debattida*

Ved innleiinga av ein debatt kan presidenten vedta å avgrense den tida debatten skal vare, og fordele taletida mellom gruppene. Eit slikt vedtak gjer at kvar einskild talar kan gjevast kortare eller lengre taletid enn det som er fastsett i § 52.

Saksordføraren[1] får som regel ordet først. Ved debatt i saker om representantframlegg kan ein av representantane som har kome med framlegget, få ordet etter saksordføraren. Deretter får talarane ordet i den rekkjefølgja dei ber presidenten om det, men likevel slik at ein kan ta omsyn til storleiken på partigruppene når ein fastset rekkjefølgja. Éin talar frå kvar partigruppe skal normalt stå først på talarlista. Dersom fleire representantar ber om ordet samstundes, avgjer presidenten kven av dei som skal tale først. Dersom gruppene gjennom stortingsadministrasjonen har levert inn til presidenten lister over representantar som ønskjer å delta i debatten, kan presidenten på dette grunnlaget setje opp ei liste som viser rekkjefølgja av talarane.

Ingen talarar må ha ordet meir enn to gonger i debatten om ei sak eller i kvar del av debatten dersom debatten er delt. Desse unntaka gjeld for dette:

a) Avgrensinga gjeld ikkje for saksordførarar og den statsråden saka høyrer inn under. I allmenne politiske debattar, medrekna finansdebatt og utgreiingar etter § 45 første ledd bokstav a, gjeld avgrensinga ikkje for statsministeren og leiarane i partigruppene.
b) Presidenten kan gje høve til ein kort merknad.
c) Presidenten kan tillate at éin talar frå kvar partigruppe får ordet meir enn to gonger.
d) I debattar etter § 22 a får éin representant frå kvart parti høve til eit uavgrensa tal innlegg.
e) Presidenten kan vedta å gjere unntak frå hovudregelen.

Presidenten kan vedta at debatten skal avsluttast før alle talarar som har teikna seg, har hatt ordet ["clôture"]. Eit slikt framlegg må vere sett fram av presidenten eller av ti representantar på tilsvarande måte som ved avgrensing av taletida. Presidenten avgjer framlegget etter at éin talar har hatt høve til å tale for og éin mot, éin gong kvar.

1 Jf. § 24.

## § 52 *Generelle avgrensingar av taletida*

Taletida må ikkje vere lengre enn 15 minutt i første innlegg, ti minutt i andre innlegget og tre minutt i eventuelle følgjande innlegg. Ein kort merknad er likevel avgrensa til eitt minutt. Ei munnleg utgreiing av ein

medlem av regjeringa, jf. § 45, må ikkje vere lengre enn ein time. Presidenten kan vedta lengre taletid.

Presidenten kan sjølv, eller etter skriftleg framlegg frå minst ti representantar, vedta kortare taletid, som ikkje må setjast under tre minutt. Presidenten kan gjere unntak for saksordførarar[1], leiarar i partigruppene og medlemer av regjeringa.

1 Jf. § 24.

§ 53 *Replikkar og svar på direkte spørsmål*

Det skal gjevast høve til replikkordskifte, som presidenten styrer, dersom presidenten ikkje vedtek noko anna. Replikken skal ha tilknyting til vedkomande innlegg. Taletida er eitt minutt. Den som held innlegget som fører til replikkar, kan svare på kvart einskilt innlegg etter tur.

Dersom presidenten meiner det kan vere viktig for det vidare ordskiftet, kan han eller ho tillate innlegg på høgst eit minutt utanfor tur for å gje høve til å svare på direkte spørsmål eller rette opplagde mistydingar i samband med innlegget til den siste talaren. Ein talar kan ved eit slikt høve ikkje få ordet meir enn to gonger.

§ 54 *Spørsmål som blir tekne opp på slutten av eit møte*

Ved slutten av kvart møte skal presidenten gje representantane høve til å peike på eventuelle feil ved saksbehandlinga.

Med samtykke frå presidenten kan det ved slutten av møtet også rettast spørsmål til presidentskapet eller medlemer av regjeringa om saker som det av særlege grunnar er ønskjeleg å ta opp straks, og som det ikkje er føremålstenleg å reise på annan måte. Representantar som ønskjer å gjere dette, skal melde frå til presidenten i god tid før møtet er slutt. Spørjaren og den som svarer, har ei taletid på inntil fem minutt. Etter svaret kan ein representant frå kvar av dei andre partigruppene få ordet éin gong i inntil tre minutt. Til slutt kan spørjaren og den som har svart, få ordet éin gong til i inntil tre minutt.

Det er ikkje høve til å kome med framlegg under slike forhandlingar som er nemnde i andre leddet.

§ 55 *Talereglar*

Den som har ordet, rettar talen til presidenten. Talaren bør halde seg strengt til den saka som er under debatt.

Sitat bør berre brukast i avgrensa utstrekning. Det skal gå klart fram av innlegget når eit sitat tek til, og når det sluttar, og talaren må opplyse om kvar sitatet er teke frå.

Upassande eller krenkjande åtferd eller tale er ikkje tillate. Slik åtferd eller tale skal påtalast av presidenten.

§ 56 *Framferd under forhandlingane*

Det er ikkje tillate å gje høglydt uttrykk for misnøye eller samtykke under forhandlingane.

§ 57 *Deltaking i forhandlingane av regjeringsmedlemer*

Når regjeringsmedlemer deltek i forhandlingane, har dei – i samsvar med § 74 i Grunnlova – same rettar og plikter etter forretningsordenen som representantane[1] har.

1 Jf. lov 5 feb 1932 nr. 1 § 12 andre punktum.

§ 58 *Brot på reglane i forretningsordenen*

Dersom ein representant bryt reglane i forretningsordenen, kan presidenten gje vedkomande ei åtvaring, som blir teken opp att dersom det er nødvendig.

Dersom representanten likevel ikkje rettar seg etter forretningsordenen, avgjer presidenten om representanten ikkje skal få ordet eller i særlege tilfelle skal visast bort frå forhandlingane den dagen.

## Kapittel 8 Avrøystingar

§ 59 *Organisering av voteringane*

Når dei talarane som har teikna seg,[1] har hatt ordet, kunngjer presidenten at debatten er slutt. Sakene blir tekne opp til avrøysting på eit tidspunkt som presidentskapet har fastsett på førehand.

Dersom det er fleire framlegg i ei sak, skal presidenten ta kvart av dei opp til avrøysting i logisk rekkjefølgje. Voteringsordninga må vere oppgjeven og godteken på førehand.

Ein representant som ikkje er til stades i salen når presidenten kunngjer at voteringa har starta, er ikkje med i avrøystinga. Dei representantane som er til stades, må ikkje forlate salen før voteringa er ferdig.[2]

1 Jf. § 51 (2).

2 Jf. Grl. § 73 andre og tredje punktum.

§ 60 *Avrøystingsmåtar*

Avrøystinga blir ordna på éin av desse måtane eller ved ein kombinasjon av dei:

a) Ved at presidenten ber dei representantane som er for eller imot eit framlegg, om å reise seg. Presidenten kan også be om kontravotering.
b) Ved bruk av elektronisk voteringsanlegg.
c) Ved namneopprop. Dersom presidenten kjem til at namneopprop ikkje kan vere nødvendig, men ein representant set fram krav om opprop, avgjer Stortinget voteringsmåten utan debatt ved avrøysting etter bokstav a eller b. Oppropet tek til med det valdistriktet[1] og den representanten som har fått nummeret sitt trekt ut ved loddtrekning på førehand. Oppropet held fram etter rekkjefølgja[2] av representantane.
d) Ved setlar utan underskrift. Denne avrøystingsmåten blir berre brukt ved val[3] og berre når det er sett fram fleire framlegg til det same vervet, eller når ein frammøtt representant krev det, eller når forsamlinga gjer vedtak om det etter framlegg frå presidenten. Dei som røystar, skal på setelen skrive namna på dei personane dei røystar på, og sjølve leggje setelen i urna. Dersom nokon røystar på fleire enn det skal veljast, skal det namnet eller dei namna som står sist på røystesetelen, ikkje reknast med.

Dersom det er halde avrøysting som nemnd under bokstav a eller b, men presidenten eller ein femtedel av dei som røystar, hevdar at utfallet ikkje kan reknast som sikkert, skal det haldast ny avrøysting etter bokstav b eller c.

1 Jf. lov 28 juni 2002 nr. 57 § 11–1.

2 Jf. § 4.

3 Jf. bl.a. §§ 1 (3), 3 (1), 6, 10 og 11 og Grl. § 75 bokstavane k og l.

§ 61 *Krav til fleirtal ved avrøystingar*

Ved avrøysting etter § 60 første ledd bokstav a, b eller c blir saka avgjord med vanleg røystefleirtal, dvs. over halvparten av røystene, dersom Stortinget ikkje har bestemt noko anna. Dersom avrøystinga viser like mange røyster for og imot, er røysta til møteleiaren avgjerande når stortingspresidenten er møteleiar. Er ein annan president møteleiar, er røysta til møteleiaren avgjerande dersom avrøystinga gjeld korleis saka skal behandlast i Stortinget. Gjeld avrøystinga innhaldet i saka, fører likt røystetal til at det ikkje er gjort gyldig vedtak, og behandlinga av saka held fram i eit seinare møte. Dersom det blir likt røystetal også ved den nye avrøystinga, er røysta til møteleiaren avgjerande.

Ved avrøysting etter § 60 første ledd bokstav d er eit relativt fleirtal, dvs. fleire røyster enn for noko anna framlegg, avgjerande for utfallet av valet, dersom det ikkje i lov eller reglement eller for det einskilde tilfellet er bestemt at det skal krevjast meir enn halvparten av røystene for at nokon skal reknast som vald. Dersom nokon har levert blanke røystesetlar, skal desse setlane takast med i oppteljinga når det gjeld å slå fast om Stortinget er vedtaksført,[1] men dei skal ikkje reknast med i sjølve røysteoppgjeret. Den som då har fleirtal av dei effektive røystene, blir rekna som vald. Dersom høgste røystetal ved avrøystinga fell likt på fleire, kan kvar representant straks krevje ny avrøysting mellom dei kandidatane som har fått likt røystetal. Dersom ingen kjem med eit slikt krav, eller dersom røystetalet blir likt også ved ny avrøysting, skal valet avgjerast med loddtrekning.

1 Jf. Grl. § 73 andre punktum.

§ 62 (oppheva ved stortingsvedtak 20. juni 2019)

## Kapittel 9 Stortingsprotokollane og ekspedisjon av sakene

§ 63 *Stortingsprotokollane*

Presidenten godkjenner Stortingets forhandlingsprotokoll i to eksemplar. Det eine eksemplaret er for saker som blir behandla for opne dører, og det andre eksemplaret gjeld saker som blir behandla for stengde

dører.[1] Sekretæren fører forhandlingsprotokollen, som presidenten og sekretæren skriv under.

1 Jf. § 36 (3).

§ 64 *Gjennomsyn og retting av protokollen*

Etter kvart møte som har vore halde for opne dører,[1] blir forhandlingsprotokollen lagd ut til gjennomsyn i stortingsadministrasjonen. Det same blir gjort etter møte for stengde dører dersom Stortinget har vedteke at forhandlingane kan offentleggjerast.[2] Dersom nokon tek til motmæle mot protokolleringa, svarer presidenten på innvendingane, og deretter avgjer Stortinget ved avrøysting utan debatt om det skal gjerast rettingar i protokollen.

Protokollar frå møte for stengde dører som det ikkje blir vedteke å offentleggjere (jf. § 36 tredje ledd), blir opplesne og vedtekne før møtet blir heva.

1 Jf. Grl. § 84.

2 Jf. § 36 (4).

§ 65 *Ekspedisjon av avgjorde saker*

Når ei sak er avgjord, førebur stortingsadministrasjonen nødvendige meldingar. Etter godkjenning frå presidenten blir meldinga ekspedert. Dersom det gjeld adresser frå Stortinget til Kongen eller framstillingar som ved særlege høve skal gje uttrykk for ønska og meiningane til Stortinget, skal utkast til slike meldingar lesast opp for Stortinget.

§ 66 *Underskrift av vedtak*

Presidenten skriv under lovvedtak som blir sende Kongen til sanksjon.[1] Vedtak om endringar i eller tillegg til Grunnlova skal skrivast under av stortingspresidenten og sekretæren.[2]

1 Jf. Grl. § 77.

2 Jf. § 6 (1) og Grl. § 121 (2).

§ 67 *Underskrift av forhandlingsprotokollen*

Når Stortinget har avslutta forhandlingane sine, skriv representantane under forhandlingsprotokollen. Deretter blir protokollen med tilhøyrande dokument levert til Stortingets arkiv.

## Kapittel 10 Interpellasjonar og spørsmål

§ 68 *Interpellasjonar*

Ein representant som ønskjer å rette ein interpellasjon til regjeringa eller ein regjeringsmedlem, skal levere interpellasjonen skriftleg til presidentskapet gjennom stortingsadministrasjonen. Interpellasjonen skal vere kort. Presidenten bør avvise interpellasjonen om

a) noko som fell utanfor ansvarsområdet til regjeringa,
b) saker som er til behandling i komiteane,
c) saker som det er lagt fram innstilling om,[1] men som enno ikkje er behandla av Stortinget,
d) saker som det alt er innlevert interpellasjon eller spørsmål til spørjetimen[2] om, og som det enno ikkje er gjeve svar på.

Det er ikkje grunn til å avvise ein interpellasjon etter bokstav b eller c at interpellasjonen gjeld noko som er teke opp i eit enkeltframlegg i ei meir omfattande sak.

Presidentene kan også gripe inn mot formuleringar som er nemnde i § 55 fjerde ledd. Dersom interpellasjonen blir godteken, gjev presidenten melding om han til vedkomande regjeringsmedlem.

Det skal svarast på interpellasjonen i Stortinget så snart som råd og seinast ein månad etter at interpellasjonen vart send til regjeringa, dersom ikkje presidentskapet samtykkjer i at det blir svart på eit seinare tidspunkt. Den tida Stortinget ikkje er samla om sommaren,[3] skal ikkje reknast med i fristen.

Ved behandlinga i Stortinget får først interpellanten ordet i høgst fem minutt til å forklare innhaldet i interpellasjonen. Dersom ein regjeringsmedlem erklærer at det ikkje vil bli gjeve noko svar på interpellasjonen, er forhandlingane slutt med det.

Dersom det blir gjeve svar på interpellasjonen, har den regjeringsmedlemen som svarer, ei taletid på inntil fem minutt. Statsministeren og andre statsrådar som har sakleg tilknyting til interpellasjonen, kan også svare, med same taletid.

I den debatten som følgjer, har først interpellanten og så regjeringsmedlemen rett til eitt innlegg kvar, på inntil tre minutt. Deretter kan andre representantar få ordet éin gong kvar, med taletid på inntil fem

minutt. Til slutt har interpellanten og regjeringsmedlemen rett til eitt innlegg på inntil tre minutt kvar.

Behandlinga av interpellasjonen må ikkje vare lenger enn éin time og 30 minutt. Den taletida som eventuelt er nytta av statsministeren og andre statsrådar enn den som interpellasjonen er retta til, tel ikkje med.

Det kan ikkje setjast fram framlegg i samband med behandlinga av ein interpellasjon.

1 Jf. § 31.
2 Jf. § 73.
3 Jf. § 37 og Grl. § 68.

§ 69 *Spørsmål til presidentskapet*

Spørsmål som gjeld arbeidet i Stortinget, eller vedtak som presidentskapet gjer, skal leverast skriftleg til stortingspresidenten. Spørsmålet skal vere kort. Svaret bør gjevast så snart som mogleg etter at spørsmålet er levert inn.

Når spørsmålet blir behandla, har spørjaren lov til å grunngje det nærare i inntil fem minutt. Den medlemen av presidentskapet som svarer på spørsmålet, har den same taletida, men med samtykke frå Stortinget kan presidenten gje vedkomande høve til å tale i inntil ti minutt. Dersom vedkomande medlem av presidentskapet kunngjer at det ikkje vil bli gjeve noko svar på spørsmålet, er saka dermed ferdig.

Dersom det blir gjeve svar på spørsmålet, har spørjaren og medlemen av presidentskapet rett til å få ordet endå ein gong til innlegg på inntil tre minutt. Spørjaren har då høve til å stille eit kort tilleggsspørsmål. Ein kan ikkje setje fram framlegg i samband med eit slikt spørsmål. Ingen andre må ha ordet.

Ved innleiinga av behandlinga av eit spørsmål etter første til tredje ledd kan forsamlinga vedta at også andre representantar enn den som har stilt spørsmålet, kan få ordet éin gong til i inntil tre minutt, etter det første innlegget av medlemen av presidentskapet. Til slutt kan spørjaren og den som har svart, få ordet éin gong til. Elles gjeld det som er fastsett i første til tredje ledd.

§ 70 *Spørsmål med skriftleg svar*

Ein representant som ønskjer å få skriftleg svar på eit spørsmål til ein regjeringsmedlem, skal levere spørsmålet til stortingspresidenten gjennom stortingsadministrasjonen, med påskrift om at ein ber om skriftleg svar. Spørsmålet skal være kort, men kan i tillegg utdjupast med inntil 2500 teikn.

Presidenten bør avvise spørsmål om noko som fell utanfor ansvarsområdet til regjeringa, og kan gripe inn mot formuleringar som er nemnde i § 55 tredje ledd. Presidenten sender spørsmålet over til vedkomande regjeringsmedlem, som kan nekte å svare på spørsmålet.

I éi kalenderveke kan ein representant stille til saman inntil to spørsmål der det blir bede om skriftleg svar. Spørsmål der det blir bede om skriftleg svar, kan ikkje stillast i juli månad.

Innan seks kvardagar etter at spørsmålet vart sendt over frå Stortinget, skal ein regjeringsmedlem gje skriftleg svar på spørsmålet til stortingspresidenten gjennom stortingsadministrasjonen eller melde skriftleg kvifor det ikkje blir svart på spørsmålet innan fristen, og i tilfelle når det vil bli svart, eller at det ikkje vil bli svart på spørsmålet. Svaret bør til vanleg ikkje vere lengre enn 5000 teikn. Stortingsadministrasjonen sender svaret vidare til spørjaren og syter for at spørsmål og svar blir prenta i Stortingsforhandlinger.

§ 71 *Gjennomføring av spørjetime*

Stortinget har til vanleg spørjetime kvar onsdag kl. 10.00, først munnleg spørjetime,[1] deretter ordinær spørjetime.[2] Presidentskapet kan avgjere at det ei veke ikkje skal haldast munnleg spørjetime eller ordinær spørjetime. I særskilde tilfelle kan presidentskapet avgjere at munnleg spørjetime eller ordinær spørjetime skal haldast på eit anna tidspunkt.

1 Jf. § 72.

2 Jf. § 73.

§ 72 *Munnleg spørjetime*

I den munnlege spørjetimen svarer regjeringsmedlemer på spørsmål som representantane stiller munnleg. Seinast måndag kl. 11.00 melder statsministeren til stortingspresidenten kva for nokre regjeringsmedle-

mer som vil delta i den munnlege spørjetimen same veka, og presidenten gjer representantane kjende med dette.

Representantane kan stille korte spørsmål, avgrensa til to minutt, til ein av dei regjeringsmedlemene som er til stades.

Representantar som ønskjer å stille spørsmål, bør melde frå om det på førehand til presidenten gjennom stortingsadministrasjonen. Presidenten avgjer kva for nokre representantar som kan stille spørsmål, og i kva rekkjefølgje.

Regjeringsmedlemene kan nekte å svare på spørsmål. Taletida for det første svaret frå regjeringsmedlemen etter eit hovudspørsmål er to minutt, elles er taletida eitt minutt. Etter svaret har spørjaren rett til å få ordet på nytt. Presidenten kan gje andre representantar ordet om den saka som vart teken opp i spørsmålet. Ein regjeringsmedlem har rett til å få ordet etter kvart innlegg frå ein representant, elles kan presidenten også gje ordet til andre regjeringsmedlemmer.

Presidenten avgjer når ein munnleg spørjetime skal slutte.

§ 73 *Ordinær spørjetime*

I den ordinære spørjetimen svarer regjeringsmedlemer på spørsmål som representantane har levert inn skriftleg til stortingspresidenten gjennom stortingsadministrasjonen. Spørsmålet skal vere kort. Ein representant kan stille eitt spørsmål i ein ordinær spørjetime. Dersom eit spørsmål må utsetjast som følgje av at ein statsråd er bortreist, kan representanten stille to spørsmål i neste spørjetime. Spørsmål til ein spørjetime må innleverast seinast kl. 14.00 siste torsdag før spørjetimen. Dersom torsdagen er ein høgtidsdag, er innleveringsfristen kl. 14.00 den siste kvardagen før torsdagen.

Presidenten bør avvise spørsmål til spørjetimen om noko som fell utanfor ansvarsområdet til regjeringa, og om saker som det alt er levert inn interpellasjon[1] eller spørsmål til spørjetimen om, og som det enno ikkje er svart på. Dessutan kan presidenten gripe inn mot slike formuleringar som er nemnde i § 55 tredje ledd. Presidenten sender spørsmåla over til vedkomande regjeringsmedlemer. Spørsmåla blir offentleggjorde gjennom stortingsadministrasjonen. Regjeringsmedlemen kan nekte å svare på eit spørsmål.

Dei spørsmåla som skal opp i spørjetimen, skal gjerast tilgjengelege for representantane før spørjetimen tek til. Spørjarane får ordet etter tur, og utan å grunngje spørsmålet ber dei statsråden om å svare på det. Dersom spørjaren ikkje er til stades, kan ein annan representant ta opp spørsmålet. Dersom det ikkje skjer, reknar ein spørsmålet som bortfalle.

Svaret frå statsråden i spørjetimen bør ikkje vare lenger enn tre minutt. Etter at statsråden har svart, kan spørjaren og statsråden få ordet endå to gonger kvar til korte merknader, avgrensa til eitt minutt, om den saka som er teken opp i spørsmålet. Spørjaren har i den samanhengen høve til å stille korte tilleggsspørsmål. I innleiinga av spørjetimen kan presidenten avgjere at spørjaren og statsråden kan få ordet berre éin gong kvar etter at statsråden har svart, dersom presidenten meiner at det er nødvendig for at sakene på dagsordenen kan bli behandla i løpet av møtet.

1 Jf. § 68.

§ 74 *Krav om dokumentinnsyn*

Ein representant som ønskjer å be om innsyn i dokumenta hjå regjeringa eller forvaltinga, kan levere oppmodinga skriftleg til stortingspresidenten gjennom stortingsadministrasjonen. Presidenten sender oppmodinga over til den ansvarlege regjeringsmedlemen, som snarast og seinast innan tre arbeidsdagar anten skal utlevere dokumentet eller melde skriftleg kvifor det ikkje er utlevert innan fristen, og i tilfelle når det blir utlevert, eller kvifor det ikkje vil bli utlevert.

I vurderinga si skal regjeringsmedlemen leggje vekt på den særstillinga representantane har, og det informasjonsbehovet dei har.

Regjeringsmedlemen kan avslå oppmodinga i den grad det etter offentleglova gjeld teierett for dokumentet.

## Kapittel 11 Ymse føresegner

§ 75 *Teieplikta til representantane*

Representantane har teieplikt om alle saker som blir behandla for stengde dører i Stortinget.[1] Teieplikta gjeld også for behandlinga av slike saker i komiteane.[2]

Vidare har representantane teieplikt om det dei i vervet sitt som stortingsrepresentantar får kjennskap til av:

a) informasjon som er gradert etter sikkerhetsloven eller beskyttelsesinstruksen,
b) tilhøve som er nemnde i § 13 i forvaltningsloven (personlege tilhøve eller tekniske innretningar og framgangsmåtar og drifts- og forretningstilhøve som det er viktig å halde hemmelege av konkurransegrunnar og av omsyn til den som opplysningane gjeld). Reglane i forvaltningsloven §§ 13 a til 13 f gjeld tilsvarande så langt dei høver.

Første gong ein representant møter, skal vedkomande gje teielovnad etter eit formular som presidentskapet har fastsett.

1 Jf. § 36 og Grl. § 84 .
2 Jf. m.a. §§ 16 (8) og 17 (6).

§ 75 a *Behandling av gradert informasjon*

Føresegner med heimel i sikkerhetsloven kapittel 8, medrekna føresegner om sikkerheitsklarering og autorisasjon, gjeld ikkje for stortingsrepresentantane. Elles gjeld føresegnene i sikkerhetsloven og beskyttelsesinstruksen om behandling av gradert informasjon tilsvarande for representantane og komiteane. Stortingets presidentskap kan fastsetje utfyllande retningslinjer om praktiseringa av reglane. Dersom tungtvegande omsyn tilseier det, kan presidentskapet i konkrete tilfelle vedta at det kan gjerast unntak frå reglane i sikkerhetsloven og beskyttelsesinstruksen.

Graderingsnivåa i sikkerhetsloven og beskyttelsesinstruksen blir nytta ved klassifisering av informasjon som blir utarbeidd i Stortinget. Stortinget fastset reglement for avgradering av dokument som er utarbeidde i Stortinget.

*§ 75 b Teieplikt og tilgang til gradert informasjon for tilsette i gruppesekretariata*

For tilsette i gruppesekretariata gjeld § 75 første og andre ledd om teieplikt tilsvarande som for representantane. Fast og mellombels tilsette i gruppesekretariata skal underteikne erklæring om teieplikt etter eit formular som presidentskapet har fastsett.

Tilsette i gruppesekretariata må ikkje få tilgang til gradert informasjon utan samtykke frå Stortingets presidentskap. I saker som er til behandling i ein komité, kan komiteen likevel vedta at rådgjevarar som er

tilknytte ein medlem av komiteen, og som følgjer arbeidet i komiteen, kan få tilgang til informasjon gradert etter beskyttelsesinstruksen og informasjon gradert AVGRENSA etter sikkerheitslova. For tilgangen til gradert informasjon for slike tilsette og rådgjevarar gjeld føresegnene i sikkerheitslova om sikkerheitsklarering og autorisasjon og reglane i sikkerheitslova og beskyttelsesinstruksen om behandling av informasjon.

§ 76 *Register over verv og økonomiske interesser til representantane*

Representantane kan registrere dei verva og økonomiske interessene som går fram av Reglement om register for representantenes verv og økonomiske interesser, på den måten og under slike vilkår som det er fastsett i dette reglementet. Det same gjeld vararepresentantar som møter fast for ein vald representant.[1]

1 Jf. Grl. § 58 andre punktum.

§ 77 *Partigrupper*

Med uttrykket «partigruppe» er i denne forretningsordenen meint den representanten eller dei representantane som er valde frå eit registrert parti[1] som stilte liste[2] i minst ein tredjedel av fylka ved valet.

1 Jf. lov 17 juni 2005 nr. 102 kap. 2.

2 Jf. lov 28 juni 2002 nr. 57 § 6–1 (1).

§ 78 *Orden i stortingsbygningen*

Stortingspresidenten skal ved avtale med vedkomande styresmakt syte for at det blir halde god orden i stortingsbygningen. Innanfor dei ordensreglane som gjeld for bygningen, må tilgjenget til tilhøyrarplassane vere så fritt som mogleg.

§ 79 *Fråvik frå forretningsordenen*

I særskilde tilfelle kan Stortinget vedta å setje einskilde føresegner i Stortingets forretningsorden ut av kraft. Eit slikt vedtak krev to tredjedels fleirtal. Dersom eit slikt framlegg er sett fram av presidenten, krev eit vedtak om det likevel berre vanleg fleirtal.

# Stikkordregister

**Adresser**, godkjenning av § 65

**Ansvarskommisjon**, Stortingets § 14 andre ledd nr. 8 bokstav d og § 44 første ledd

**Arkiv**
- dokument, protokollar § 67
- for komiteane § 29 første ledd
- forsegla arkivsak § 36 tredje ledd

**Avbrot av forhandlingane i Stortinget** § 37

**Avrøysting**
- avrøystingsmåtar §§ 59 og 60
- blanke røystesetlar § 61
- i komiteane § 26
- likt røystetal § 61
- tilgjenge til salen under avrøysting § 59
- vanleg fleirtal, relativt fleirtal § 61
- på førehand fastsett av presidentskapet § 59

**Avslutning** av møtet, høve til å ta ordet ved § 54

**Beskyttelsesinstruksen** § 75 og § 75 a

**Bortvising** av representant § 58 andre ledd

**Budsjettbehandling** § 43

**Clôture** § 51 fjerde ledd

**Dagsorden** §§ 33 og 35

**Debattar**
- clôture § 51 fjerde ledd
- generelt § 51
- innlegg utanfor tur § 53 andre ledd og § 54
- kort merknad § 51 tredje ledd bokstav b, §§ 52 og 53
- plikter som talarane har § 55
- rekkjefølgja av talarar § 51
- replikkar § 53
- rettar som statsrådar har § 51 tredje ledd bokstav a, §§ 52 og 57
- sitat § 55
- talet på innlegg § 51 første til tredje ledd
- taletid §§ 51 og 52

**Den førebuande fullmaktskomiteen** § 3

**Den utvida utanriks- og forsvarskomiteen** § 16

**Direktøren,** § 9b

**Dokumentinnsyn** for representantane § 74

**Europautvalet** § 17

**Fagkomiteane** §§ 12, 13 og 14
- sjå også under Komiteane

**Finansdebatten** § 43 fjerde ledd

**Finansinnstillinga** § 43 tredje ledd

**Fordeling** av saker
- omfordeling av sak § 22 sjette ledd
- til komiteane §§ 22, jf. § 14

**Forfall**
- til komitémøte § 20 fjerde ledd
- til stortingsmøte § 5

**Forhandlingsprotokoll** §§ 63, 64 og 67
- underskrifter § 67

**Forretningsordenen**
- brot § 58
- fråvik § 79
- godkjenning § 1

**Framlegg i tilknyting til ei sak**
- avgjorde framlegg må ikkje takast fram att § 38 femte ledd
- behandlingsmåte §§ 38 og 39
- endringsframlegg § 42 første ledd
- form § 38 andre ledd
- frist for innlevering § 40
- i innstilling § 31
- om lovvedtak og stortingsvedtak §§ 31 og 40
- om oppmoding til regjeringa § 31 og § 42 andre ledd

**Framleggingsfrist** for innstilling §§ 23, 32 og 43

**Fristar**
- for avslutning av vårsesjonen § 37
- for budsjettbehandlinga §§ 32 og 43
- for innlevering av framlegg i tilknyting til ei sak §§ 40 og 42
- for innlevering av representantframlegg og grunnlovsframlegg § 38
- for å leggje fram innstilling §§ 22, 23 og 43
- framlegg av proposisjonar, meldingar, representantframlegg og interpellasjonar § 47
- innstillingar blir gjorde tilgjengelege 48 timar før møtet § 46

**Fullmakter** for representantane
- fullmaktskomité § 1
- førebuande fullmaktskomité §§ 1 og 3
- godkjenning av § 1

**Fullmaktskomiteen** § 1

**Førebuande fullmaktskomité** § 3

**Galleriet**, tilgang til § 78

**Gjenopptaking av forhandlingane i Stortinget** § 37

**Graderte dokument** i komiteane § 29 andre ledd

**Granskingskommisjon** § 19

**Grunnlovsframlegg**
- behandling § 14 nr. 8
- framsetjing § 38 første ledd
- frist for innlevering § 38 første ledd
- mangfaldiggjering og omdeling § 38 tredje ledd
- tilbaketrekking § 38 fjerde ledd

**Høyringar** § 27
- reglement for opne kontrollhøyringar, sjå vedlegg

**Innkalling**
- til møte i komité § 20 andre ledd
- til møte i Stortinget § 33

**Innstillingar**
- bortfall av § 48 tredje ledd
- form og offentleggjering § 31
- frist for avlevering §§ 23, 32 og 43
- gjevne i førre samlinga § 48 tredje ledd
- mindretalsframlegg § 31
- munnleg innstilling § 31
- om representantframlegg § 30 andre ledd

– skal gjerast tilgjengelege 48 timar før behandling § 46
– utkast til lovvedtak og utkast til stortingsvedtak § 31

**Interpellasjonar** § 68
– bortfall av § 48 fjerde ledd
– fristar § 47

**Irettesetjing** av representant § 58

**Komiteane** §§ 12, 13 og 14
– andre nestleiar § 20 andre ledd
– avrøystingar § 26
– behandlar berre saker som er sende over frå Stortinget § 22 sjuande ledd
– behandling av representantframlegg § 30
– frist for å levere innstilling §§ 23, 31 og 43 andre ledd
– fungerande komitéleiar § 26 andre ledd
– første nestleiar § 20
– høyringar § 27
– innkalling til møte § 20 andre ledd
– komitéreiser § 28
– konstituering § 20
– liste over saker i komiteane § 47 andre ledd
– medlemer, funksjonstid §§ 11, 12 og 13
– mindretalsrettar § 15 andre ledd, § 23 andre ledd, § 27 første ledd og § 30 første ledd
– møte for stengde dører § 25 andre ledd
– møte når Stortinget ikkje er samla § 20 tredje ledd
– møteplikt for medlemene § 20 fjerde ledd
– omfordeling av sak § 22 sjette ledd og § 31 tredje ledd
– pliktene til komitéleiaren § 29 første ledd, § 20 andre ledd andre punktum og § 23 første ledd
– protokoll § 29 første ledd
– registrering av dokument § 29 først ledd
– røysta til komitéleiaren er utslagsgjevande § 26 andre ledd
– saksfordeling til komiteane §§ 14 og 22
– saksordførar § 24
– spesialkomitear § 18
– spørsmål til statsråden § 24 tredje ledd og § 30 første ledd
– ta opp sak til debatt i Stortinget § 22 sjuande ledd
– tilgang til dokument for parti som ikkje er representerte i komiteen § 29 tredje ledd
– vedtaksevne § 25 fjerde ledd

**Konstituering**
– komité § 20 første ledd
– storting §§ 1 og 2

**Konstitusjonelt ansvar** § 14 nr. 8 fjerde punktum, § 40 første ledd og § 44

**Kontroll- og konstitusjonskomiteen** § 14 nr. 8, § 15, § 19 andre ledd, § 40 første ledd og § 44 andre ledd

**Kontrollsaker** § 14 nr. 8

**Kort merknad** § 51 tredje ledd bokstav b, §§ 52 og 53

**Langtidsprogram** for møte i Stortinget § 23 første ledd og § 32

**Likt røystetal**
– i komiteane § 26 andre ledd
– i Stortinget § 61

**Lovframlegg § 42**
– sjå Framlegg i tilknyting til ei sak og Representantframlegg

**Melde saker** frå regjeringa § 47

**Melding om vedtak** § 66

**Meldingar til Stortinget**
– behandling i ny valperiode § 48
– behandlingsmåte § 39
– fristar § 47

**Mistydingar** § 53 andre ledd

**Misnøye,** sjå Tilrop

**Møte i Stortinget**
- fastsetjing og kunngjering §§ 33, 35 og § 43 andre ledd andre punktum
- nødvendig representanttal § 34 andre ledd ELLER vedtaksevne
- reglementsfastsett tid for møte § 34 første ledd
- stengde dører § 36

**Møteslutt,** ta opp saker ved § 54

**Namneopprop**
- i det første stortingsmøtet i sesjonen § 1
- votering ved § 60

**Nestleiarar i komiteane** § 20 første ledd

**Noregs institusjon for menneskerettar** § 14 nr. 6

**Ny behandling** av eit avgjort framlegg § 38 femte ledd

**Nye saker**
- avgjorde framlegg må ikkje takast fram att § 38 femte ledd
- behandlingsmåte § 38 første ledd og § 39

**Ombodet** for Forsvaret, meldingar frå § 12 nr. 9

**Oppmoding til regjeringa**
- framlegg § 31 sjette ledd og § 42 andre ledd
- uttale frå fagkomité § 15 femte ledd
- vedtak § 14 nr. 8 tredje punktum bokstav b

**Orden i stortingsbygningen** § 78

**Ordførar**, saksordførar § 24

**Overlevering** av proposisjonar § 38 første ledd og § 39

**Oversendingsframlegg** § 39

**Partigruppe** § 77

**Permisjon**
- melding om at ein har kome tilbake § 5
- søknad § 5

**Plassering i stortingssalen** § 4

**Presidentane**
- deltaking i debatt § 9 tredje ledd
- disiplinær makt § 55 første og tredje ledd, §§ 56 og 57
- funksjonstid § 6
- leiing av stortingsmøta § 9
- mellombels president §§ 8 og 9
- setjepresident § 9
- stortingspresidenten §§ 6, 8 og 9
- val av §§ 1 og 6
- visepresidentane §§ 6, 8 og 9

**Presidentskapet**
- fastset datoane for budsjettbehandlinga § 43 andre ledd andre punktum
- gjer framlegg om behandlingsmåten for nye saker § 39
- innstilling frå § 22 sjette ledd andre punktum
- kallar inn til møte i Stortinget § 33
- krav til gyldig vedtak § 7 andre ledd
- medlemer § 7
- møte i §§ 7 og 9
- tilsyn med arbeidet i komiteane § 32

**Proposisjonar**
- behandling i ny valperiode § 48
- fristar § 47
- behandlingsmåte § 39
- overlevering § 38 første ledd

**Protokollar i Stortinget**
- autorisasjon av § 63
- føring av protokollane §§ 36, 63 og 64
- underskrifter §§ 63 og 67

**Publikumsgalleriet,** tilgang til § 78

**Referatsaker** § 39

**Register for verv og økonomiske interesser som representantane har** § 76

**Reglementsfastsett tid** for møte i Stortinget § 34 første ledd

**Replikkar** § 53

**Representantframlegg**
- behandling i komiteen § 30
- behandling i ny samling § 48 andre ledd
- behandlingsmåte §§ 30, 38 og 39
- bortfall § 48 andre ledd
- form § 38 andre ledd
- framlegging § 38 første ledd
- frist for innlevering § 38 første ledd
- innstillingar om § 30 andre ledd
- mangfaldiggjering og omdeling § 38 tredje ledd
- sendt regjeringa til utgreiing og fråsegn § 14 nr. 8 bokstav b og § 30 andre ledd
- tilbaketrekking § 38 fjerde ledd

**Revidert nasjonalbudsjett** § 43 sjuande ledd

**Riksrett** § 14 nr. 8 bokstav d, § 40 og § 44 første ledd

**Riksrevisjonen**, dokument frå og saker om § 14 nr. 8 bokstav c

**Røystesetlar** § 60 første ledd bokstav d

**Saker til behandling i Stortinget**, liste over § 47 andre ledd

**Saksordførar** § 24

**Sekretærar** i Stortinget
- funksjonar § 63
- val, funksjonstid §§ 1, 6, 8 og 9 andre ledd

**Setjepresident** § 9 første ledd

**Sikkerhetsloven** § 75 og § 75 a

**Sitat**
- i debatt § 55 andre ledd
- i innstilling § 31 andre ledd

**Sivilombodet,** meldingar frå og saker om, § 14 nr. 8 bokstav c

**Spørjetime** §§ 70, 71 og 72

**Spørsmål**
- frå komité til statsråd § 24 tredje ledd
- med skriftleg svar § 70
- munnleg spørjetime § 72
- ordinær spørjetime § 73
- til presidentskapet §§ 54 og 69
- ved slutten av møtet § 54

**Statsrådar,** rettar og plikter under debattar §§ 51, 52 og 57

**Statsrådsprotokollane** § 14 nr. 8 bokstav a

**Stortinget kjem saman** etter val § 1

**Stortingets kontrollutval** for etterretnings-, overvakings- og tryggingsteneste (EOS-utvalet)
- meldingar frå og saker om § 14 nr. 8 bokstav c

**Stortingspresidenten**
- deltaking i debatt § 9 tredje ledd
- forfall § 8
- fullmakt når Stortinget ikkje er samla § 7 andre ledd
- funksjonstid § 6
- ikkje medlem av fagkomité § 12
- leiar av presidentskapet § 7 første ledd
- leier stortingsmøta § 9
- val av §§ 1 og 6

**«Stortingsvedtak»,** omgrepet § 31 sjette ledd

**Særskilde komitear** § 18

**Talarar**, sjå under Debattar

**Talarliste** § 51 første til tredje ledd

**Taletid**
- avgrensa taletid § 52
- debatt etter utgreiing § 45
- interpellasjonar § 68
- spørjetime §§ 72 og 73
- spørsmål til presidentskapet § 69
- spørsmål ved slutten av eit møte § 54
- vanlege saker § 51 første til tredje ledd og § 52

**Teieplikt** for representantane § 75

**Tenestemenn,** tilgang til møte for stengde dører § 36 andre ledd

**Tilbaketrekking** av framlegg § 38 fjerde ledd

**Tilrop** § 56

**Upassande åtferd eller tale** § 55 tredje ledd

**Utan realitetsvotering**, oversending til regjeringa § 39 andre ledd

**Utgreiingar** av medlemer av regjeringa §§ 45 og 52

**Utlevering av dokument**, Stortingets krav om § 50

**Utsetjing av sak** § 41

**Utvida utanriks- og forsvarskomité** § 16

**Val**
- i komiteane § 26 andre ledd
- i Stortinget § 60 første ledd bokstav d og § 61 andre ledd

**Valkomiteen**
- medlemer og varamedlemer § 10
- val til den utvida utanriks- og forsvars-komiteen § 16
- val til Europautvalet § 17
- val til fagkomiteane §§ 10, 12 og 13
- val til særskilde komitear § 18

**Varamedlem** § 16 tredje ledd, § 17 andre ledd og § 21

**Vararepresentant,** frammøte i komité § 21

**Vedtak**
- melding om §§ 65 og 66
- tilbakemelding frå regjeringa § 14 nr. 8 bokstav b

**Vedtaksevne**
- komiteane § 26 fjerde ledd
- presidentskapet § 7 andre ledd
- Stortinget § 34 andre ledd

**Vekeprogram** § 35

**Visepresidentane**, sjå under Presidentane

**Votering**, sjå under Avrøysting

**Voteringsanlegget** § 60 første ledd bokstav b

**Vårsesjonen**, avslutning av § 37

**Åtvaring** til representant § 58

# Førearbeid til forretningsordenen

Innst. S. nr. 65 (1965–66), S.tid. s. 1832–1883
Innst. S. nr. 133 (1965–66), S.tid. s. 2723–2749
Innst. S. nr. 156 (1966–67), S.tid. s. 3901
Innst. S. nr. 117 (1967–68), S.tid. s. 3343–3380
Innst. S. nr. 153 (1971–72), S.tid. s. 2513
Innst. S. nr. 2 (1972–73), S.tid. s. 28–48
Innst. S. nr. 273 (1973–74), S.tid. s. 3481–3487
Innst. S. nr. 312 (1973–74), S.tid. s. 3487–3490
Innst. S. nr. 439 (1976–77), S.tid. s. 4656–4666
Innst. S. nr. 110 (1978–79), S.tid. s. 1928–1931
Innst. S. nr. 266 (1980–81), S.tid. s. 4375–4388
Innst. S. nr. 156 (1981–82), S.tid. s. 2733–2739
Innst. S. nr. 98 (1984–85), S.tid. s. 2473–2498
Innst. S. nr. 238 (1984–85), S.tid. s. 4151–4152
Innst. S. nr. 232 (1988–89), S.tid. s. 4695–4736
Innst. S. nr. 215 (1989–90), S.tid. s. 4025
Innst. S. nr. 145 (1991–92), S.tid. s. 3405–3440
Innst. S. nr. 112 (1993–94), S.tid. s. 3321–3329
Innst. S. nr. 205 (1993–94), S.tid. s. 4569–4572
Innst. S. nr. 8 (1995–96), S.tid. s. 219–256
Innst. S. nr. 211 (1995–96), S.tid. s. 3803–3808
Innst. S. nr. 246 (1995–96), S.tid. s. 4416–4426
Innst. S. nr. 298 (1995–96), S.tid. s. 4766
Innst. S. nr. 192 (1996–97), S.tid. s. 3484–3519
Innst. S. nr. 243 (1996–97), S.tid. s. 4412–4416
Innst. S. nr. 276 (1996–97), S.tid. s. 4412–4416
Innst. S. nr. 168 (1998–99), S.tid. s. 3254–3256
Innst. S. nr. 247 (1998–99), S.tid. s. 4269
Innst. S. nr. 174 (2000–2001), S.tid. s. 2263–2265
Munnleg Innst. (2000–2001), S.tid. s. 2531–2532

Innst. S. nr. 284 (2000–2001), S.tid. s. 3531–3537
Innst. S. nr. 285 (2000–2001), S.tid. s. 3530–3531
Innst. S. nr. 91 (2001–2002), S.tid. s. 1741–1744
Innst. S. nr. 187 (2002–2003), S.tid. s. 2735–2738
Innst. S. nr. 210 (2002–2003), S.tid. s. 2969–2986
Innst. S. nr. 255 (2002–2003), S.tid. s. 3266–3270
Innst. S. nr. 188 (2004–2005), S.tid. s. 2431–2436
Innst. S. nr. 230 (2005–2006), S.tid. s. 2882
Innst. S. nr. 107 (2006–2007), S.tid. s. 2000–2008, 2023
Innst. S. nr. 264 (2006–2007), S.tid. s. 3553, 3596
Innst. S. nr. 38 (2007–2008), S.tid. s. 819–820, 833–834
Innst. S. nr. 78 (2007–2008), S.tid. s. 1477, 1483
Innst. S. nr. 72 (2008–2009), S.tid. s. 1645
Innst. S. nr. 235 (2008–2009), S.tid. 3150–3153
Innst. S. nr. 256 (2008–2009), S.tid. s. 3308–3311
Innst. S. nr. 288 (2008–2009), S.tid. s. 3472–3473
Innst. 61 S (2009–2010), S.tid. s. 719, 754
Innst. 358 S (2009–2010), S.tid. s. 4217, 4218, 4270
Innst. 188 S (2010–2011), S.tid. s. 2388, 2389, 2453
Innst. 199 S (2010–2011), S.tid. s. 2388, 2389, 2453
Innst. 226 S (2010–2011), S.tid. s. 2744, 2745, 2810
Innst. 318 S (2010–2011), S.tid. s. 3953, 3967, 3968
Innst. 445 S (2010–2011), S.tid. s. 5009, 5011, 5064
Innst. 446 S (2010–2011), S.tid. s. 133, 145
Innst. 165 S (2010–2011), S.tid. s. 2220, 2258, 2259
Innst. 350 S (2011–2012), S.tid. s. 3875, 3935–3948
Innst. 259 S (2012–2013), S.tid. s. 3420–3423, 3444–3447
Innst. 20 S (2013–2014), S.tid. s. 235–237
Innst. 487 S (2016–2017), S.tid. s. 4803–4807
Innst. 28 S (2017–2018), S.tid. s. 318
Innst. 134 S (2017–2018), S.tid. s. 2519–2520
Innst. 254 S (2017–2018), S.tid. s. 3562
Innst. 406 S (2017–2018), S.tid. s. 5227–5228
Innst. 162 S (2018–2019), S.tid. s. 2780–2781
Innst. 392 S (2018–2019), S.tid. s. 5286–5296

Innst. 426 S (2018–2019), S.tid. s. 5296–5298
Innst. 205 S (2019–2020), S.tid. s. 2787–2788
Vedtak i stortingsmøte 1. oktober 2020, S.tid. s. 1
Innst. 651 S (2020–2021), S.tid. s. 7055–7100
Innst. 454 S (2021–2022), S.tid. s. 4829
Innst. 473 S (2024–2025), vedtatt i Stortinget 19. juni 2025

# Vedlegg

# Grunnloven/Grunnlova

# Innhaldsregister

## *A. Om statsforma*


Eit sjølvstendig og udeleleg rike. Regjeringsforma ........ § 1
Den offentlege religionen ........ § 2


## *B. Om den utøvande makta, om kongen og den kongelege familien og om religionen*


Den utøvande makta ........ § 3
Kongens religion og vernet av religionen ........ § 4
Kongens person er heilag. Ansvaret ligg på rådet hans ........ § 5
Arvefølgja. Kunngjering av prinsesse- eller prinsefødslar ........ § 6
Val av tronfølgjar ........ § 7
Myndig alder for kongen ........ § 8
Kongen gjer eid ........ § 9
Kongen skal bu i riket. Kongen må ikkje ta imot ei anna krone utan samtykke frå Stortinget ........ § 11
(Oppheva) ........ § 10
Kongen vel sjølv statsrådet sitt ........ § 12
Styring av riket når kongen reiser innanfor riket ........ § 13
Utnemning av statssekretærar ........ § 14
Statsråders plikt til avskil ........ § 15
Fri religionsutøving og den norske folkekyrkja ........ § 16
Kongen kan gje provisoriske lover ........ § 17
Innkrevjing av skattar og avgifter ........ § 18
Styring av statens eigedommar ........ § 19
Kongen kan gje nåde ........ § 20
Utnemning av embetsmenn. Eiden deira ........ § 21
Avsetjing av embetsmenn. Suspensjon ........ § 22
Kunngjering av ordenar. Ingen ny adel ........ § 23
Kongen vel hofftenarar og gjev dei avskil ........ § 24
Kongen har høgste befalinga over Forsvaret. Landvernet og lina ........ § 25
Kongen kan byrje krig til forsvar av landet. Leiar av utanriksstellet. Stortinget godkjenner traktatar ........ § 26
Medlemmer av statsrådet skal møte i statsråd. Vedtaksevna til statsrådet ........ § 27
Behandling av saker i statsråd ........ § 28
Statsrådars forfall. Oppnemning av mellombels statsrådar ........ § 29
Protokoll i statsrådet. Behandling av diplomatiske saker. Militære kommandosaker. Ansvaret til statsrådet ........ § 30
Kontrasignering av kongens avgjerder ........ § 31
Avgjerder regjeringa tek i kongens namn når kongen ikkje er til stades ........ § 32
Noregs sentralbank ........ § 33
Kronprinsen. Prinsar og prinsesser ........ § 34
Tronarvingens rett til sete i statsrådet ........ § 35
Om prinsesser eller prinsar kan gifte seg eller ta imot ei anna krone.

Tap av retten til trona .... § 36
Kven prinsessene og prinsane svarer for .... § 37
(Oppheva) .... § 38
Innkalling av Stortinget når kongen er avliden .... § 39
Styring av riket når kongen er mindreårig .... § 40
Styring av riket når kongen er utanlands eller sjuk .... § 41
(Oppheva) .... § 42
Val av formyndarar for den umyndige kongen .... § 43
Eiden til prinsessa eller prinsen når ho eller han første gong skal stå for regjeringa .... § 44
Rekneskap for konge og storting når statsstyringa er over .... § 45
Høgsteretts plikt til å kalle saman Stortinget .... § 46
Oppsedinga av den umyndige kongen .... § 47
Kongeval når den gamle kongsætta er utdøydd. Mellombels styring av riket .... § 48


## *C. Om borgarretten og den lovgjevande makta*


Folket har den lovgjevande makta .... § 49
Røysterett .... § 50
Manntalsføringa .... § 51
(Oppheva) .... § 52
Tap av røysterett .... § 53
Stortingsval kvart fjerde år .... § 54
Gjennomføring av val. Tvistar om røysterett .... § 55
(Oppheva) .... § 56
Talet på representantar. Valdistrikta og talet på representantar frå kvart distrikt .... § 57
Valting. Direkte val .... § 58
Høvetalsval .... § 59
Røysting utan personleg frammøte .... § 60
Berre røysteføre kan veljast .... § 61
Tenestemenn som ikkje kan veljast. Sitjande statsrådar møter ikkje som representantar .... § 62
Plikta til å ta imot val .... § 63
Stortinget vurderer fullmaktene .... § 64
Godtgjersle til representantane .... § 65
Ansvarsfridommen til representantane. Forretningsorden .... § 66
Stortinget .... § 67
Stortinget kjem saman .... § 68
Samankalling av Stortinget når det ikkje er samla .... § 69
(Oppheva) .... § 70
Funksjonstida til medlemmene .... § 71
(Oppheva) .... § 72
Presidentar og sekretærar. Vedtaksført fleirtal .... § 73
Opning av Stortinget. Statsrådars tilgang til forhandlingane .... § 74
Stortingets forretningsområde .... § 75
Behandlinga av lovframlegg i Stortinget .... § 76
Vedtekne lover blir sende kongen .... § 77

Kongens sanksjonsrett ........ § 78
Lovvedtak utan sanksjon frå kongen ........ § 79
Stortinget avgjer sjølv samlingstida. Lovvedtak som ikkje blir sanksjonerte, blir rekna som forkasta ........ § 80
Utferding av lover ........ § 81
Opplysningsplikta til regjeringa ........ § 82
Stortinget kan hente inn utgreiing frå Høgsterett ........ § 83
Forhandlingane i Stortinget. Møte for opne eller stengde dører ........ § 84
Skipling av fridommen og tryggleiken til Stortinget ........ § 85

## *D. Om den dømmande makta*

Riksretten. Funksjon og samansetjing ........ § 86
Talet på dommarar ........ § 86
Dei allmenne domstolane ........ § 87
Høgsterett ........ § 88
Domstolanes rett og plikt til prøving ........ § 89
Utnemning og avsetjing av dommarar ........ § 90
Administrasjon av domstolane ........ § 91

## *E. Menneskerettar*

Staten skal respektere og tryggje menneskerettane ........ § 92
Rett til liv. Forbod mot dødsstraff, tortur og slaveri ........ § 93
Forbod mot vilkårleg fridomstap ........ § 94
Alle har rett til å få saka si avgjord av ein uavhengig og upartisk domstol ........ § 95
Ingen kan dømmast utan etter lov eller straffast utan etter dom. Uskuldspresumsjonen ........ § 96
Inga lov kan få tilbakeverkande kraft ........ § 97
Likskap for lova. Forbod mot usakleg eller mishøveleg forskjellsbehandling ........ § 98
(Oppheva) ........ § 99
Ytringsfridom ........ § 100
Foreinings- og forsamlingsfridom ........ § 101
Rett til respekt for privatliv, familieliv, heim og kommunikasjon ........ § 102
(Oppheva) ........ § 103
Borns rett til respekt for menneskeverdet sitt. Retten til å bli høyrd. Borns beste som grunnleggjande omsyn ........ § 104
Vederlag ved ekspropriasjon ........ § 105
Rett til å ferdast fritt og til å velje bustad. Tilgjenge til riket ........ § 106
(Tom) ........ § 107
Rettane til samane ........ § 108
Rett til utdanning ........ § 109
Rett til arbeid ........ § 110
(Tom) ........ § 111
Miljøvern ........ § 112
Legalitetsprinsippet ........ § 113

## *D. Allmenne føresegner*

Vilkår for utnemning til embete i staten ........ § 114
Tilslutning til internasjonale organisasjonar ........ § 115
Inntekter av det benefiserte godset til presteskapet........ § 116
Odels- og åsetesretten ........ § 117
Forbod mot nye grevskap, fideikommiss o.a. ........ § 118
Allmenn verneplikt ........ § 119
Det norske flagget ........ § 120
Grunnlovsendringar ........ § 121

Stikkordregister ........side 114

**Kongeriket Norges Grunnlov**

gitt i riksforsamlingen på Eidsvoll den 17. mai 1814, slik den lyder etter senere endringer, senest grunnlovsvedtak av 21. mai 2024.

**A.**

*Om statsformen*

§ 1

Kongeriket Norge er et fritt, selvstendig, udelelig og uavhendelig rike. Dets regjeringsform er innskrenket og arvelig monarkisk.

§ 2

Verdigrunnlaget forblir vår kristne og humanistiske arv. Denne Grunnlov skal sikre demokratiet, rettsstaten og menneskerettighetene.

**B.**

*Om den utøvende makt, kongen og den kongelige familie og om religionen*

§ 3

Den utøvende makt er hos kongen eller hos dronningen, hvis hun har ervervet kronen etter bestemmelsene i § 6, § 7 eller § 48 i denne Grunnlov. Når den utøvende makt

**Kongeriket Noregs grunnlov**

gjeven i riksforsamlinga på Eidsvoll den 17. mai 1814, slik ho lyder etter seinare endringar, seinast grunnlovsvedtak 21. mai 2024.

**A.**

*Om statsforma*

§ 1

Kongeriket Noreg er eit fritt, sjølvstendig, udeleleg og uavhendeleg rike. Regjeringsforma er avgrensa og arveleg monarkisk.

§ 2

Verdigrunnlaget skal framleis vere den kristne og humanistiske arven vår. Denne grunnlova skal tryggje demokratiet, rettsstaten og menneskerettane.

**B.**

*Om den utøvande makta, om kongen og den kongelege familien og om religionen*

§ 3

Den utøvande makta er hos kongen, eller hos dronninga dersom ho har fått krona etter reglane i § 6, § 7 eller § 48 i denne grunnlova. Når den utøvande makta såleis

således er hos dronningen, har hun alle de rettigheter og plikter som ifølge denne Grunnlov og landets lover innehas av kongen.

§ 4

Kongen skal alltid bekjenne seg til den evangelisk-lutherske religion.

§ 5

Kongens person kan ikke lastes eller anklages. Ansvarligheten påligger hans råd.

§ 6

Arvefølgen er lineal, således at bare i lovlig ekteskap født barn av konge eller dronning eller av en som selv er arveberettiget, kan arve, og at den nærmere linje går foran den fjernere og den eldre i linjen foran den yngre.

Blant arveberettigede regnes også den ufødte, som straks inntar sitt tilbørlige sted i arvelinjen når han eller hun fødes til verden.

Dog tilkommer arverett ikke noen som ikke er født i rett nedstigende linje fra den sist regjerende konge eller dronning eller fra dennes bror eller søster, eller selv er dennes bror eller søster.

Når en til Norges krone arveberettiget prins eller prinsesse fødes, skal hans eller hennes navn og fød-

er hos dronninga, har ho alle rettar og plikter som kongen har etter denne grunnlova og lovene i landet.

§ 4

Kongen skal alltid vedkjenne seg den evangelisk-lutherske religionen.

§ 5

Kongen personleg kan ikkje lastast eller skuldast for noko. Ansvaret ligg på rådet hans.

§ 6

Arvefølgja er lineal. Berre barn av dronning eller konge, eller av nokon som sjølv har arverett, kan arve, og barnet må vere født i lovleg ekteskap. Den nærare lina går føre den fjernare og den eldre i lina føre den yngre.

Den ufødde har òg arverett, og barnet tek sin plass i arvefølgja så snart det kjem til verda.

Arverett har likevel berre dei som ættar frå foreldra til den sist regjerande dronninga eller kongen.

Når ei prinsesse eller ein prins med arverett til Noregs krone blir fødd, skal namnet og fødselstidspunktet gjerast kjent for Stortinget og førast inn i protokollen der.

For dei som er fødde før 1971, gjeld likevel § 6 slik han vart vedte-

selstid tilkjennegis førstholdende storting og antegnes i dets protokoll.

For dem som er født tidligere enn året 1971, gjelder dog denne Grunnlovs § 6 således som den ble vedtatt den 18. november 1905. For dem som er født tidligere enn året 1990, gjelder likevel at mann går foran kvinne.

§ 7

Er ingen arveberettiget prins eller prinsesse til, kan kongen foreslå sin etterfølger for Stortinget, som har rett til å bestemme valget hvis kongens forslag ikke bifalles.

§ 8

Kongens myndighetsalder fastsettes ved lov.

Så snart kongen har oppnådd den lovbestemte alder, erklærer han seg offentlig å være myndig.

§ 9

Så snart kongen, som myndig, tiltrer regjeringen, avlegger han følgende ed for Stortinget: «Jeg lover og sverger å ville regjere kongeriket Norge i overensstemmelse med dets konstitusjon og lover, så sant hjelpe meg Gud den allmektige og allvitende!»

ken den 18. november 1905. For dei som er fødde før 1990, gjeld likevel at mann går føre kvinne.

§ 7

Finst det ingen prinsesser eller prinsar med arverett, kan kongen gjere framlegg om etterfølgjar for Stortinget, som kan avgjere valet dersom framlegget frå kongen ikkje blir stødd.

§ 8

Myndig alder for kongen blir fastsett i lov.

Så snart kongen har nådd den lovfeste alderen, lyser han seg myndig.

§ 9

Så snart kongen, som myndig, tek til med regjeringa, gjer han denne eiden for Stortinget: «Eg lovar og sver at eg vil regjere Kongeriket Noreg i samsvar med konstitusjonen og lovene, så sant hjelpe meg Gud den allmektige og allvitande!»

Er det ikkje samla noko storting på den tida, blir eiden gjeven

Er intet storting på den tid samlet, nedlegges eden skriftlig i statsrådet og gjentas høytidelig av kongen på første storting.

§ 10

(Opphevet ved grl.best. 29. februar 1908, sanksjonert 14. mars 1908)

§ 11

Kongen skal bo innen riket, og han må ikke uten Stortingets samtykke oppholde seg utenfor riket lenger enn seks måneder ad gangen, med mindre han for sin person vil ha tapt retten til kronen.

Kongen må ikke motta noen annen krone eller regjering uten Stortingets samtykke, hvortil fordres to tredjedeler av stemmene.

§ 12

Kongen velger selv et råd av stemmeberettigede norske borgere. Dette råd skal bestå av en statsminister og i det minste syv andre medlemmer.

Kongen fordeler forretningene blant statsrådets medlemmer således som han finner det tjenlig. Til å ta sete i statsrådet kan kongen ved overordentlige leiligheter foruten statsrådets sedvanlige medlemmer

skriftleg i statsrådet, og kongen tek han høgtidleg opp att på fyrste storting.

§ 10

(Oppheva ved grunnlovsvedtak 29. februar 1908, sanksjonert 14. mars 1908)

§ 11

Kongen skal bu i riket og kan ikkje utan samtykke frå Stortinget vere utanfor riket meir enn seks månader om gongen utan at han personleg misser retten til krona.

Kongen må ikkje ta imot ei anna krone eller regjering utan samtykke frå Stortinget, og til det krevst to tredjedelar av røystene.

§ 12

Kongen vel sjølv eit råd av røysteføre norske borgarar. I dette rådet skal det vere ein statsminister og minst sju andre medlemmer.

Kongen fordeler gjeremåla mellom medlemmene av statsrådet slik han meiner det er tenleg. Til å ta sete i statsrådet ved sida av dei faste medlemmene kan kongen i særlege høve kalle inn andre norske borgarar, men ingen medlemmer av Stortinget.

tilkalle andre norske borgere, men ingen medlemmer av Stortinget.

Ektefeller, foreldre og barn eller to søsken må ikke på samme tid ha sete i statsrådet.

§ 13

Under kongens reiser innen riket kan han overdra styret av riket til statsrådet. Dette skal føre regjeringen i kongens navn og på hans vegne. Det skal ubrytelig etterleve så vel bestemmelsene i denne Grunnlov som de særskilte dermed overensstemmende forskrifter, som kongen meddeler i instruksjon.

Forretningene avgjøres ved stemmegivning, hvorved i tilfelle av stemmelikhet statsministeren eller i dennes fravær det første av de tilstedeværende medlemmer av statsrådet har to stemmer.

Om de saker som statsrådet således avgjør, har det å gi innberetning til kongen.

§ 14

Kongen kan utnevne statssekretærer til å bistå statsrådets medlemmer under utførelsen av deres gjøremål utenfor statsrådet. Den enkelte statssekretær handler på vegne av det medlem av statsrådet som han eller hun er knyttet til, i

Ektefolk, foreldre og born eller to sysken må ikkje ha sete i statsrådet samstundes.

§ 13

For den tida kongen reiser i riket, kan han overlate styringa av riket til statsrådet. Dette skal føre regjeringa i kongens namn og på hans vegner. Det skal ubryteleg følgje så vel føresegnene i denne grunnlova som dei særskilde instruksane som kongen gjev i samsvar med dei.

Sakene blir avgjorde med røysting. Står røystene likt, har statsministeren eller, om han er borte, den fyrste av statsrådane som er til stades, to røyster.

Statsrådet skal gje melding til kongen om dei sakene som blir avgjorde på denne måten.

§ 14

Kongen kan utnemne statssekretærar til å hjelpe medlemmene av statsrådet med gjeremåla deira utanfor statsrådet. Kvar statssekretær handlar på vegner av den medlemmen av statsrådet som ho eller han er knytt til, så langt denne medlemmen fastset.

den utstrekning dette medlemmet bestemmer.

§ 15

Enhver som er medlem av statsrådet, har plikt til å innlevere sin avskjedssøknad etter at Stortinget har fattet beslutning om mistillit til vedkommende statsråd alene eller til det samlede statsråd.

Kongen er forpliktet til å innvilge en slik avskjedssøknad.

Når Stortinget har fattet beslutning om mistillit, kan bare de forretninger utføres som er nødvendige for en forsvarlig embetsførsel.

§ 16

Alle innbyggere i riket har fri religionsutøvelse. Den norske kirke, en evangelisk-luthersk kirke, forblir Norges folkekirke og understøttes som sådan av staten. Nærmere bestemmelser om Kirkens ordning fastsettes ved Lov. Alle tros- og livssynssamfunn skal understøttes på lik linje.

§ 17

Kongen kan gi og oppheve anordninger som angår handel, toll, næringsveier og offentlig regulering; dog må de ikke stride mot konstitusjonen og de lover som Stortinget har gitt i samsvar med de

§ 15

Kvar medlem av statsrådet har plikt til å levere avskilssøknad etter at Stortinget har gjort vedtak om mistillit til denne statsråden åleine eller til heile statsrådet.

Kongen skal gje avskil etter ein slik søknad.

Når Stortinget har gjort vedtak om mistillit, kan statsrådet berre utføre dei gjeremåla som trengst for forsvarleg embetsførsle.

§ 16

Alle innbyggjarane i riket har fri religionsutøving. Den norske kyrkja, ei evangelisk-luthersk kyrkje, står ved lag som den norske folkekyrkja og blir stødd som det av staten. Nærare føresegner om kyrkjeskipnaden blir fastsette i lov. Alle trus- og livssynssamfunn skal bli stødde på lik line.

§ 17

Kongen kan gje og oppheve provisoriske lover om handel, toll, næringsvegar og offentleg regulering. Dei må ikkje stri mot konstitusjonen eller dei lovene Stortinget

etterfølgende §§ 76, 77, 78 og 79. De gjelder provisorisk til neste Storting.

§ 18

Kongen lar i alminnelighet innkreve de skatter og avgifter som Stortinget pålegger.

§ 19

Kongen våker over at statens eiendommer og regalier anvendes og bestyres på den av Stortinget bestemte og for samfunnet nyttigste måte.

§ 20

Kongen har rett til i statsrådet å benåde forbrytere etter at dom er falt. Forbryteren kan velge å motta kongens nåde eller underkaste seg den idømte straff.

I de saker som Stortinget anlegger for Riksretten, kan ingen annen benådning finne sted enn fritak for idømt dødsstraff, med mindre Stortinget har gitt samtykke til noe annet.

§ 21

Kongen velger og beskikker, etter å ha hørt sitt statsråd, alle sivile og militære embetsmenn. Disse har lydighets- og troskapsplikt til konstitusjonen og kongen. De kongeli-

har gjeve. Dei gjeld til neste storting.

§ 18

Kongen lèt i regelen krevje inn dei skattane og avgiftene som Stortinget fastset.

§ 19

Kongen ser til at eigedommane og regala til staten blir nytta og forvalta slik Stortinget har fastsett, og på den måten som er nyttigast for samfunnet.

§ 20

Kongen har i statsrådet rett til å gje forbrytarar nåde etter at dom er fallen. Forbrytaren kan velje å ta imot kongens nåde eller ta den idømde straffa.

I saker som Stortinget reiser for Riksretten, kan det ikkje gjevast annan nåde enn fritak frå idømd dødsstraff, om ikkje Stortinget har gjeve samtykke til noko anna.

§ 21

Kongen vel og utnemner alle sivile og militære embetsmenn etter å ha høyrt statsrådet. Dei har plikt til å vere lydige og tru mot konstitusjonen og kongen. Dei kongelege

ge prinser må ikke bekle sivile embeter.

§ 22

Statsministeren og statsrådets øvrige medlemmer samt statssekretærene kan uten foregående dom avskjediges av kongen etter at han har hørt statsrådets betenkning derom. Det samme gjelder for de embetsmenn som er ansatt ved statsrådets kontorer eller ved diplomatiet eller konsulatvesenet, sivile overøvrighetspersoner, sjefer for regimenter og andre militære korps, kommandanter på festninger og høystbefalende på krigsskip. Hvorvidt pensjon bør tilstås de således avskjedigede embetsmenn, avgjøres av det neste storting. I mellomtiden nyter de to tredjedeler av sin tidligere gasje.

Andre embetsmenn kan bare suspenderes av kongen og skal da straks tiltales for domstolene. Men de må ikke avsettes uten etter dom og heller ikke forflyttes mot sin vilje.

Alle embetsmenn kan uten foregående dom avskjediges når de har nådd en aldersgrense fastsatt ved lov. Det kan bestemmes ved lov at visse embetsmenn, som ikke er dommere, kan utnevnes på åremål.

prinsessene og prinsane kan ikkje ha sivile embete.

§ 22

